Kollektivmeldinga
2012

Vedteke av fylkestinget 13. mars 2013

HORDALAND
FYLKESKOMMUNE

Innhald

Kollektivåret 2012 4
Sentrale nøkkeltal 4
Arbeidet med Kollektivstrategien 7
Arbeidet med Sanntidsinformasjonssystemet (SIS) i 2012 7

Del I: Bergensområdet 9
Drift av bybane og buss i Bergen, Os, Askøy, Fjell, Sund og Øygarden 9
Den europeiske mobilitetsuken 2012 11
Infrastruktur i Bergensområdet 12
Tilskotsordningar 14

Del II: Hordaland utanom Bergensområdet 15
Drift av bussruter i distriktshordaland 15
Drift av ferjeruter 16
Båtruter i Hordaland - drift og nytt anbod 18
Infrastruktur Hordaland utanom Bergensområdet 18
Tilskotsordningar 19

Del III: Marknad og informasjon 21
Om marknadsarbeidet i 2012 21
Nye kanalar for ruteinfo og styrka trafikantinformasjon 21
Kampanjearbeid 2012 23
Reiseprodukt 23
Takstar og endringar i reglementet for kollektivreisande 24
Fordeling av ulike reiseprodukt 24
Mange fornøgde kollektivreisande i Hordaland 26

Del IV: Talmateriale 27
Fylkeskommunal finansiering 27
Buss – trafikkstatistikk 28
Buss og Bybanen – rutepakkane 29
Ferjer – trafikkstatistikk 30
Ferjer – anbodspakkane 32
Båt – trafikkstatistikk 33
Båt – ruteproduksjon 34
Billettkontrollar, taksar og fornøgde kollektivreisande 35
Biltrafikk i Bergen 38

Kollektivåret 2012

Kollektivmeldinga 2012 skal gje eit bilete av dei viktigaste hendingane i kollektivtrafikken i Hordaland som fylkeskommunen har ansvaret for. Drosjedrift, kommersielle ruter og jernbanen er ikkje teke med i årsmeldinga. I meldinga er fylket delt i to mellom Bergensområdet og Hordaland utanom Bergensområdet. Bergensområdet vert her rekna som kommunane Bergen, Os, Askøy, Fjell, Sund og Øygarden. For bussdrifta inneber dette rutepakkane Bergen sør, nord og sentrum, saman med rutepakke Vest. I tillegg vert naturleg nok rutepakke Bybanen omtala her. Omtale av infrastrukturarbeidet i regi av Bergensprogrammet følgjer deretter. Når det gjeld Hordaland utanom Bergensområdet vert det her sett fokus på bussdrift og infrastrukturarbeid, saman med ein omtale av båt- og ferjedrifta, - uavhengig av geografisk område i fylket.

Passasjerveksten har halde fram, og i 2012 var det totalt 47,2 mill påstigande for buss og Bybanen i Hordaland. Dette er ei auke på 6,1 % samanlikna med året før. Dette fortel at fylket er på rett veg når det gjeld å nå målsetjinga om auka bruk av kollektivtransport. For Bergensområdet var talet på påstigningar på 41,1 mill., - ei auke på 7 %. For Bybanen har talet på påstigande i 2012 vore på nærare 8 mill. Bybanen har hatt særleg mange reisande i rushtrafikken morgon og kveld, og i snitt er det 21 844 reisande på Bybanen kvar dag. For Hordaland utanom Bergensområdet sett under eitt, har talet på reisande halde seg stabilt samanlikna med 2011.

Samla sett viser statistikken for ferjerutene ei auke i antal reisande, og det same gjeld for snøggbåtrutene. På ferjesida har opninga av Jondalstunnelen i september 2012 ført med seg ei ekstra merksemd om korvidt reisemønsteret i regionen vil kunne kome til å endre seg. Når det gjeld snøggbåtrutene er det verdt å merke seg at Sunnhordlandsruta, som den største av snøggbåtrutene, har hatt ein liten trafikknedgang samanlikna med 2011.

Når det gjeld billettinntektene så viser tala for buss og bybane billettinntekter på 670,6 mill kroner, som inneber ei auke 5,5 % frå 2011. Isolert for Bergensområdet var det ein vekst på 8,3 %, og for Hordaland elles var auken på 6,2 % (eksl. skuleskyss).
Data frå reisevaneundersøkinga (MIS) viser at gjennomsnittleg 99 % av alle kollektivreisande svarer at dei «alt i alt er nøgd med denne turen», medan 45 % av alle innbyggjarane, uavhengig av om dei er kollektivreisande, «alt i alt er tilfreds med kollektivtilbodet». For å legge til rette for auka kollektivandel blir det brukt store ressursar på overgangen frå ombordsalg og enkeltbillett, til førehandssalg og periodeprodukt. I 2010 nytta 23 % i Bergensområdet og 19 % i Hordaland elles utelukkande elektronisk billett. I 2012 er tilsvarande tal på 43 % og 27 %. Bruk av berre papirbillett går tilsvarande ned. Vidare viser det seg at det er flest passasjerar som kjøper produkta EnkeltSkyss og PeriodeSkyss, og av dei totalte billettinntektene kjem 75 % frå kjøp om bord, medan 20 % av billettinntektene kjem frå kjøp på billettautomat. Det er ei målsetjing å få fleire til å nytte Skysskortet, billettautomatane og etter kvart også mobilbillett. Utviklinga og satsinga på nye salskanalar har difor vore ei viktig oppgåve i 2012.
Den 1. februar 2012 vart siste anbodspakke for ferje sett i drift på sambandet Klokkarvik-Hjellestad, og 25. juni vart siste rutepakken for buss sett i drift for Askøy, Sotra og Øygarden, og med det var all buss- og ferjedrift som fylkeskommunen har ansvaret for konkurranseutsett. Bak dette ligg det eit omfattande arbeid både når det gjeld driftselementa i pakkane, og det marknadsretta arbeidet mot dei reisande.
Av større infrastrukturprosjekt kan nyopning av Storavatnet terminal og kollektivfelt i Åsane nemnast, saman med oppgradering av busskur på haldeplassar i mellom anna Austevoll, Kvam, Samnanger og Tysnes. Ombygginga av Bergen busstasjon nordre del er ferdigstilt i februar 2013. Etter planen skal heile ombygginga av Bergen busstasjon stå ferdig tidleg i 2014. Når det gjeld utbygginga av Bybanen var skinnegangen mellom Byparken og Lagunen komplett fyrste veka i september, og tre månader seinare kunne fylkesordførar Tom-Christer Nilsen og byråd Filip Rygg ønskje den fyrste bybanevogna velkommen til Lagunen.

Sentrale nøkkeltal

Kollektivtransporten sitt marknadsgrunnlag og kollektivandel

Figuren under viser relativ utvikling i bilreiser, kollektivreisande og innbyggjartal i Bergen. Årsdøgntrafikk (ÅDT) er her målt ved Løvstakktunnelen, Gyldenpris, Kalfarbakken, Gamle Nygårdsbro, Nye Nygårdsbro, Sandviken og Gravdal (Statens vegvesen). Befolkningstala er henta frå SSB, og buss- og bybane påstigingar er henta frå ruteoperatørar fram til 2009, og deretter frå Skyss. Talet på passerande i bomstasjonane i 2012 har hatt ei lita auke frå dei 3 føregåande åra.
Trafikken i bompengeringen er 3,7 % høgare i 2012 enn i 2010 (+ 5171). Trafikken er 1,5 % høgare i 2012 enn i 2011 (ÅDT vekst på 2192). Veksten er størst for bomstasjonane Ringveg vest Dolvik/Straume bru og Fjøsanger. Nesten heile veksten er i sør og vest. Frå nord har ÅDT talet berre auka med 370 frå 2011 til 2012.

For buss og Bybanen viser statistikken ein vekst i antal påstigingar for Bergensområdet på 7 %. Som tabellen viser har Bybanen ein vekst på om lag 13 % samanlikna med 2011. Dette inneber at veksten for Bybanen har gått noko ned frå i fjor, men er framleis på eit svært høgt nivå.

Figur 01. Graf: Utviklinga i bilreiser, busspassasjerar og befolkninga frå 2005-2012

Påstigingar for buss og Bybanen	2010	2011	2012	Endring i % 2011 - 2012
Buss	24 175	25 197	26 793	6,3 %
Bybanen	2 896	7 060	7 994	13,2 %
Bergen	**27 071**	**32 257**	**34 787**	**7,8 %**
Fjell, Askøy og Os (Vestpakken)	5 250	6 225	6 403	2,8 %
Bergensområdet	**32 321**	**38 482**	**41 190**	**7,0 %**
Hordaland utanom Bergensområdet	**7 276**	**6 027**	**6 030**	**0,0 %**
Heile Hordaland	**39 597**	**44 509**	**47 221**	**6,1 %**

Tabell 01. Påstigingar for buss og Bybanen 2010, 2011 og 2012

Salskanalar

75 % av alle billettinntektene for 2012 kjem frå kjøp av billett om bord. Talet har gått noko ned samanlikna med 2011, og forklaringa ligg i auka kjøp av billettar på billettautomatane. I 2012 vart totalt 18 % av alle billettar kjøpt på billettautomatar. Totalt hadde fylkeskommunen om lag 562 mill kr i billettinntekter i 2012, av dette var 482 mill kr inntekter frå Bergensområdet. Inntekta frå skuleskyss kjem i tillegg.

Salskanaler	Inntekt 2011	Inntekt 2012	Endring i %	Prosent av totalinntekt 2012
Billettautomatar	76 197 574	101 078 523	32,6 %	17,9 %
Kundesenter	30 694 237	27 674 959	-9,8 %	4,9 %
Om bord	414 368 780	421 913 323	1,8 %	75 %
Kommisjonærar	11 061 825	12 173 758	10 %	2,1 %
Totalt	532 322 496	562 840 563		

Tabell 02. Salskanalar og inntekt

Reisande med gyldig billett

I 2012 hadde totalt 99,5 % av alle kontrollerte passasjerar gyldig billett. Totalt vart over 946562 passasjerar kontrollert. 85 % av alle kontrollane skjedde på Bybanen, og 99,5 % av desse assasjerane hadde gyldig billett. Blant område med over 1000 gjennomførte kontrollar i 2012 er det for Sotra registrert 1,8 % utan gyldig billett. Lågast er Bybanen og rutepakke Bergen sør, begge på 0,5 %.

Politiske vedtak og nye målformuleringar for kollektivtrafikken

Regional transportplan Hordaland 2013-2024 (RTP) vart vedteke i fylkestinget i desember 2012. Gjennom vedtaket fekk ein nye målsetjingar for kollektivtrafikken i Hordaland. Det vart lagt opp til ulike delmål for transport i Bergensområdet og kollektivtransport utanom Bergensområdet.

Målsetjingar for transport i Bergensområdet

Alt vedtekne mål knytt til full framkomst for kollektivtrafikken på hovudinnfartsårene inn til Bergen, innføring av sambruksfelt og universell utforming skal vidareførast. Det tidlegare politisk vedtekne målet om at «talet på reisande med kollektivtransport i Bergensområdet skal auke med 50 % frå 2007 til 2020» vart erstatta. I RTP er det formulert følgjande delmål for transport i Bergensområdet. Merk at Bergensområdet her også omfattar kommunane Samnanger, Vaksdal, Osterøy, Lindås, Radøy og Meland:

Mål om endring av reisemiddelfordelinga i Bergensområdet	2012	2024
Delen av reiser med privatbil skal reduserast:	64 %	56 %
Denne reduksjonen skal fordele seg på miljøvennlege transportformer som følgjer:		
Delen av reiser med kollektivtransport skal auke:	12 %	16 %
Delen av reiser med sykkel skal auke:	3 %	8 %
Delen av reiser med gange:	19 %	19 %
Anna (taxi, mc, moped m.m):	2 %	1 %
Sum	**100 %**	**100 %**

Tabell 03.

Oppfølging av desse måla vil gje ei monaleg endring i reisemiddelfordelinga i Bergensområdet. Målet er i tråd med måla i belønningsavtalen. Omforma i reine trafikktal inneber denne reisemiddelfordelinga at talet på bilreiser vil vera om lag det same i 2024 som i 2012. Ein auke i delen av kollektivreiser på 4 % inneber ein vekst i talet på kollektivreiser på over 50 %. Mål om sykkelandel på 8 % er i tråd med hovudmål frå Nasjonal sykkelstrategi grunnlagsdokument for NTP 2014-2023: "Sykkeltrafikken i Norge utgjør 8 % av alle reiser innen 2023". Gangemålet i RTP legg opp til ein auke på meir enn 40000 daglege reiser til fots i løpet av planperioden. Dette oppfyller ikkje fullt ut måla i klimaplanen, men er likevel eit ambisiøst mål, saman med målsetjingane om auka sykling og bruk av kollektivtrafikk i Bergensområdet.

Kollektivtransport utanom Bergensområdet

Det er tidlegare ikkje formulert eigne konkrete mål for auke i talet på reisande med kollektivtrafikk utanom Bergensområdet, men det er mål om universell tilgjenge og miljøvennleg. Kollektivtransporten sin primære funksjon i distrikta er å gje eit rutetilbod som gjer det mogleg å nå lokale og regionale sentra, og sikra god og trygg skuleskyss. Det viktige er at alle har tilgang til offentlege tenester og høve til å delta i samfunnet. Dette vil fremja regional utvikling og bidra til god miljø- og samfunnsøkonomisk transportavvikling. Følgjande mål for kollektivtransporten utanom Bergensområdet vart lagt til grunn i RTP:

- Kollektivtilbodet i distrikta skal dekke mobilitetsbehov for innbyggarane, med eit overordna rutenett mellom regionsentra og Bergen og strategisk viktige ruter på tvers mellom regionsentra.
- Rutetilbodet skal vere marknadsorientert og kundevennleg, med god og brukarvennleg informasjon.
- Det kommersielle og det offentlege tilbodet skal samordnast med best mogelege overgangsmogelegheiter, rutetilbod, marknadsføring og takst- og billetteringssystem.
- Kollektivtilbodet skal ha universell utforming og miljøvennleg drift.

Arbeidet med Kollektivstrategien

Gjennom Regional Transportplan 2013-2024 er det vedteke å starte opp eit arbeid med ein samla kollektivstrategi for Hordaland. Det overordna føremålet er å legge til rette for at kollektivtransporten får ei tydeleg rolle i den langsiktige transportplanlegginga, og utviklinga av fylket. I dette ligg det at kollektivstrategien skal:

- Bidra til å etablere eit samla og heilskapleg kollektivtrafikksystem i fylket.
- Fungere som ei fagleg ramme for prioriteringar.
- Vere grunnlag for å møte forventa vekst og følgje opp vedtekne mål.
- Konkretisere dei overordna måla, og peike på kva som må gjerast for å nå desse.

Kollektivstrategien vil følgje opp vedtekne mål formulert i ulike nasjonale, regionale og lokale dokument og vedtak, som RTP og Klimaplan for Hordaland. Kollektivstrategien vil bygge på, oppdatere og vidareutvikle gjeldande strategiar og planar for kollektivtrafikken, til dømes Utviklingsplan for Skyss og Bergensprogrammet.

I 2012 vart det gjennomført eit forprosjekt som definerte rammene og planar for arbeidet. Etter politisk vedtak av forprosjektet sine anbefalingar, starta prosjektet opp i desember. Prosjektet vil vektlegge politisk forankring og godt samarbeid med kommunane, vegvesenet og eventuelt andre interessentar med roller og ansvar i kollektivtrafikken. Kollektivstrategien vil bli lagt fram til politisk handsaming første halvår 2014.

Arbeidet med Sanntidsinformasjonssystemet (SIS) i 2012

Prosjekt for sanntidsinformasjon starta i 2011. I 2012 har det blitt gjennomført konkurranse for innkjøp av sanntidsinformasjonssystem for Hordaland. Det omfattande prosjektet er forankra i heile Skyss-organisasjonen for å sikre eit godt val av leverandør, og at alle delar av organisasjonen er førebudd på mottak og drift av systemet. Sanntidsinformasjon vil bli tilgjengeleg for trafikantar i Bergensområdet i 2013. Første utrulling er planlagt i mai, med utstyr for 10 bussar. Vidare utrulling skjer gjennom året for totalt 500 bussar. Det vil bli sett opp informasjonsskjermar og -skilt på terminalar. Sanntidsinformasjon skal vere tilgjengeleg i ulike kanalar, som for eksempel på skyss.no og som applikasjon for mobiltelefon. Skyss har opsjon på sanntidsinformasjon for heile fylket. I tillegg er det opsjonar knytt til Bybanen, trafikksignalprioritet, passasjertelling med meir.

Bybanen Nonneseter Foto: Tommy Næss

Del I: Bergensområdet

Drift av bybane og buss i Bergen, Os, Askøy, Fjell, Sund og Øygarden

Bybanen – eit godt driftsår og flotte pristildelingar

2012 har vore eit godt driftsår for Bybanen. Til dagleg reiser i snitt om lag 21800 passasjerar med bybanen mellom Byparken og Nesttun, og totalt har Bybanen hatt 7,9 mill påstigande i 2012 noko som er ei auke på 13,2%. Ein prognose for dei neste åra syner at passasjertalet kan auke med 35 prosent fram til 2014, og med 50 prosent fram til 2017. Det har vore 11 vogner i drift, og Bybanen har køyrt med 5 minutt frekvens i rushtida i heile 2012. Fylkestinget vedtok i april å utvida ruteproduksjonen for Bybanen, og Bybanen har frå hausten 2012 auka frekvens på dagtid laurdagar frå 10 minutt til 5 minutt frekvens.

Bilistane er framleis ikkje varsame nok i høve til Bybanen og difor skjer det frå tid til anna samanstøyt mellom Bybanen og bilar som kryssar bybaneskinnene. I 2012 har vore nokre uhell med Bybanen, men det er ikkje meldt om alvorlege personskadar.

I juni starta utviding av verkstadshallen på Kronstad. Den nye verkstadshallen stod ferdig til jul. Tilbygget er på 250 kvm og har kosta 6 mill kronar. Veidekke har hatt oppdraget med utbygginga. Bybanen har dermed fått ein verkstadhall på Kronstad på i underkant av 2000 kvadratmeter til reparasjon og vedlikehald av bybanevognene. I den nye verkstadshallen er det no laga eit såkalla referansespor der ein justerer bybanehjula på ein enklare og betre måte enn tidlegare. I referansesporet kalibrerer ein hjula slik at dei blir snorrette utan avvik.

Når det gjeld den vidare utbygginga av bybanetraseen var skinnegangen mellom Byparken og Lagunen komplett fyrste veka i september, og tre månader seinare kunne fylkesordførar Tom-Christer Nilsen og byråd Filip Rygg ønskje den fyrste bybanevogna velkommen til Lagunen. Testkøyringane har vore vellukka, og vidare testkøyring og etterarbeid vil pågå fram til strekninga vert opna for vanleg trafikk i juni 2013. Det var opphavleg 12 bybanevognar. Fylkestinget vedtok i mars 2010 å tinge 5 vogner ekstra. I samband med forlenginga av bybanetraseen vedtok fylkestinget i februar 2012 å investera i 3 nye bybanevogner til ein totalkostnad på 76 mill kr. Dette vart gjort for å sikre at det er tilstrekkeleg med vogner til å køyre 4 minutt frekvens når Bybanen opnar til Lagunen. Ved utgongen av 2012 var det levert totalt 16 vogner, og ytterlegare 4 vogner skal vera levert innan våren 2013.

Det er klårt at Bybanen ikkje berre vert sett pris på av innbyggjarane i Bergen, men også lagt merke til utanfor kommunegrensa. I 2012 har Bybanen fått tildelt følgjande tre pristildelingar:

VAKRE VEGER-prisen 2012

Vegdirektoratet v/vegdirektøren står for utdeling av prisen VAKRE VEGER. Dette er ein heiderspris for anlegg med gode estetiske kvalitetar tilpassa omgjevnadene. Det kan vera vegar, bruer, tunneler eller tilhøyrande anlegg og utstyr. Ved tildelinga la juryen særleg vekt på dei estetiske sidene ved utbygginga av Bybanen. Målsetjinga i designprogrammet for prosjektet er gjennomført på ein overtydande måte, heiter det i grunngjevinga. Ein trekk óg fram at dei overordna målsetjingane for kollektivtrafikk og byutvikling er vellukka, og at det alt er i gang omfattande byfornying og nyetableringar, opprusting og fortetting langs banetraseen mellom sentrum og Nesttun. Bybanen deler VAKRE VEGER-prisen med Bogestadalleen i Skien.

BOBY-prisen 2012

Norsk Bustad- og byplanforening deler annankvart år ut Bustad- og byplanprisen til framifrå arbeid innan bustad- og byplanlegging. På plankonferansen for Hordaland vart BOBY-prisen 2012 tildelt Bergen kommune, Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesen for samarbeidet om Bybanen. Ved tildelinga av BOBY-prisen 2012 har juryen mellom anna lagt vekt på at det er skapt ein miljøvennleg transport som brukarane set pris på. Bybanen har gjort det mogeleg å kombinere eigenskapar frå trikk og forstadsbane, slik at den både er integrert i bygata med krav til fart og estetikk, og som eigen trasé med høg fart utanfor bykjernen. Dette gjer Bybanen til ein stamme i kollektivsystemet i Bergen. Juryen har óg lagt vekt på at Bybanen har vore omdiskutert, men etter endeleg vedtak har framdrifta vore rask og resultatet vellukka.

Kollektivprisen 2012

Kollektivtrafikkprisen vert delt ut til inspirasjon og læring i bransjen, og skal gå til beste tiltak, løysing eller ambassadør for kollektivtrafikk i Noreg. Bak prisen står fylkeskommunane ved Kollektivtrafikkforeningen og samferdselssjefskollegiet. I grunngjevinga for tildelinga i 2012 heiter det at Bybanen har gjeve eit løft til kollektivtrafikken i Bergen og har lukkast med å tiltrekke seg nye kundegrupper. Bybanen er eit godt døme på korleis ei slik investering kan utgjere ryggraden i kollektivsystemet og påverke så vel arealplanlegging, prioritering på kostnad av biltrafikken og optimalisering av busstilbodet.

Bussar ved Haukeland universitetssjukehus – kollektivfelt Foto: Tommy Næss

Rutepakkane Bergen nord og Bergen sentrum

Rutepakke Bergen nord omfattar bydelane Åsane og Arna, medan rutepakke Bergen sentrum omfattar bydelane Bergenhus, Årstad, Fyllingsdalen og Laksevåg. Begge rutepakkane har driftsperiode fram til og med 30.09.18. I dei to pakkane er det totalt 186 bussar. Bergen nord er den største av alle rutepakkane i heile fylket, og omfattar totalt 6.024.579 rutekm per år (18%). Rutepakke Bergen sentrum har totalt 4.160.317 rutekm per år (12 %) og er med det den femte største pakken.
Det har ikkje blitt gjort store ruteendringar i rutestrukturen i dei to pakkane i 2012, samanlikna med opprinneleg rutestruktur frå 3. oktober 2011. Dei viktigaste busslinjene i desse pakkane er stamlinje 3, 4 og 5, som går med 10 minuttars frekvens på dagtid. I 2012 er det gjort nokre mindre justeringar på linje 18 og 83. Linje 18 køyrde tidlegare mellom Barlivegen og Øyjorden, medan den no køyrer mellom Barlivegen og Formannsvei. Linje 83 er no forlenga til Øyjorden – tidlegare gjekk denne linja Nesttun-Sentrum. Justeringane har ført til at linje 18 har blitt meir føreseieleg, medan linje 83 no dekkjer ein ny marknad mellom Bergen sør og Bergen nord.
Køyretida på ein del linjer er justerte. Dette har ført med seg betre regularitet noko som avspeglar seg i færre gebyr for forseinkingar. Det er likevel eit problem at bussane har vanskar med å koma fram i trafikken, og dette har ikkje betra seg i 2012.

Hausten 2012 starta det ei fysisk opprusting av busshaldeplassar på strekninga NHH-Bryggen, samt at deler av perrong G på Bergen busstasjon vart stengt. Arbeidet medfører mindre justeringar og ulemper for dei reisande, til dømes ved at einskilde busskur vert fjerna eller at haldeplassar vert flytta i arbeidsperioden. Haldeplassen Haukåsskogen vart stengt ein kort periode som fylgje av opprustingsarbeidet.

Rutepakken Bergen sør

Rutepakke Bergen sør omfattar området rundt Nesttun, bydelane Fana og Ytrebygda samt Os. Rutepakken er den nest største med totalt 5.596.342 rutekm per år (17 %). I denne rutepakken er det 125 bussar. Rutestrukturen er bygd rundt Bybanen der Nesttun, Sletten og Wergeland er viktige bytepunkt for passasjerane mellom transportmiddel. Lokalrutene i Fana er såleis tilpassa rutetidene for bybana. Det har ikkje skjedd endringar i rutestrukturen i Bergen sør i 2012, utover forlenginga av linje 83 til Øyjorden.

Fanavegen har i heile 2012 vore ein midlertidig anleggsveg i samband med utbygging av byggetrinn 2 på Bybanen. Anleggsarbeidet langs vegen har tidvis ført til forseinkingar. Hausten 2012 vart det ein markant trafikkauke i Fanavegen, noko som førte til forseinkingar for bussane. Det vart difor gjort nokre mindre justeringar i køyretidene for å avhjelpe dette. Elles er det framleis problem for bussane å koma fram både i Fjøsangervegen, Fyllingsdalen og på Sandsli.

Frå 6. november vart det sett i gang byggearbeid på Osøyro terminal. Bussane derfrå har gått som normalt, men plasseringa av bussane har variert i byggeperioden. Måndag 26. november vart to busshaldeplassar i Fanavegen flytta på permanent basis. Dette gjeld haldeplassen ved Lille Skjoldal i nordgåande retning som vart flytta til Torsveg v/Mårdalen haldeplass, og haldeplassen Skjoldhøgda ved Fana Blikk i sørgåande retning som vart nedlagt. Her må passasjerane nytta haldeplass ved Skjold skule eller den nyopna haldeplassen ved Torsveg.

Bussar over Sotrabrua Foto: Tommy Næss

Rutepakken Vest – siste rutepakke ut

Rutepakke Vest omfattar Askøy, Sotra og Øygarden. Dette er den fjerde største rutepakken i Hordaland med til saman 4.521.089 rutekm per år (14%). Totalt er det sett inn 110 nye dieselbussar i rutepakken. Nettbuss AS vann anbodskonkurransen om denne rutepakken i 2011, og starta opp køyringa 25. juni 2012. Oppstarten av den nye rutepakken vart følgt opp av ei rekkje informasjonstiltak. Innbyggjarane på Sotra, Askøy og i Øygarden fekk mellom anna fulldistribusjon av nytt rutehefte ved oppstart. Det har vore lagt til grunn at ein ikkje skulle gjere endringar i rutetilbodet første året, og Nettbuss AS har såleis køyrt identisk rutestruktur som tidlegare år. Første store ruteendring i rutepakke Vest vil koma sommaren/hausten 2013.

Den europeiske mobilitetsuken 2012

Seinsommaren 2012 fekk fylkeskommunen på kort varsel hovudansvaret for å markere «Den europeiske mobilitetsuken» som årleg finn stad 16. – 22. september. Statens vegvesen og Bergen kommune var samarbeidspartnarar. I 2012 deltok over 2 200 byar i markeringa, og tema for veka var «Moving in the right direction». I Bergen vart slagordet for Den europiske mobilitetsuken «HOLD BYEN GÅENDE». Dette gjennomgangstemaet vart synleggjort mellom anna ved banner på rådhuset, annonser i aviser, radioreklame og T-skjorter som vart delt ut. Målet for veka var å få på plass permanente tiltak for miljøvennleg transport i byane, samt å synleggjere ulike reisealternativ og skape ei bevisstgjering kring det å la bilen stå.

Det viktigaste tiltaket som vart gjennomført i samband med mobilitetsveka var opninga av Olav Kyrres gate som kollektivgate, det vil seie at gata vart stengt for ordinære bilistar. Vidare vart det delt ut frukost til dei som nytta «grøne reisealternativ». Skyss gjennomførte bedriftsbesøk, og det vart halde frukostseminar i samarbeid med Bergen næringsråd. Veka vart avslutta med ein stor stand på Torgallmenningen i nydeleg vær. Her kunne ein mellom anna få informasjon om alternativ til å reise med bil, ta seg ein kopp kaffi, gå på stylter og delta i sykkelløp. Den europeiske mobilitetsuken fekk god presseomtale i Bergenspressa.



Mobilitetsuken Foto: Connecting og Orangeriet

Infrastruktur i Bergensområdet

Bergensprogrammet

Infrastrukturtiltak for kollektivtrafikken i Bergen utanom Bybanen er basert på Tiltaksplan for kollektivtrafikken sin infrastruktur 2010 – 2013. Tiltaksplanen utgjer grunnlaget for arbeidet med dei årlege plan- og byggeprogramma i Bergensprogrammet. Tiltaka som vert gjennomgått under er finansiert over programområde kollektiv i Bergensprogrammet for 2012. Ettersom dette kapittelet omfattar heile Bergensområdet, så vert det også omtale av infrastrukturtiltak som er gjort i nokre av dei andre kommunane. Merk at midlane til dette ikkje er knytt til Bergensprogrammet, men frå plan- og byggeprogram for Hordaland utanom Bergen.

Kollektivfelt og framkomsttiltak

Tiltak som kan betre framkomsten for kollektivtrafikken er særs viktig for å styrke kollektivtrafikken si konkurranseevne, både for å redusere reisetida, og for å gi dei reisande meir føreseieleg reisetid. I tillegg er framkomsttiltak av dei mest lønsame kollektivtiltaka, då dagens rutepakkesystem kompenserer operatørane etter rutetimar.

I 2012 er det etablert fleire framkomsttiltak for kollektivtrafikken. Det største enkelttiltaket er kollektivfelt i Liamyrane som opna 28. november, mellom rundkøyring Liamyrane og Nyborgkrysset (Fv 242). Tiltaket var ein del av arbeidet med å betre framkomsten for stamlinje 4, Flaktveit – Varden. I same del av byen vart det etablert direkte utkøyring frå Åsane terminal til påkøyringsrampe E 39 mot Bergen sentrum. Føremålet med denne var å gi eit meir effektivt utkøyringsmønster frå terminalen, ved at bussane ikkje treng å køyre via rundkøyringa Hesthaugvegen – Åsane senter. Og vidare på E 39 i Eidsvåg vart avkøyringsfelt forlenga, dette for å gi bussane betre høve til å passere køen på veg mot haldeplass i Eidsvåg retning sentrum.

I 2012 vart det og starta opp fleire tiltak som skal bidra til å gi bussane betre framkomst. Tosidig kollektivfelt mellom Drotningsvik og Breivikskiftet (Rv 555) vart starta opp som følgje av at Hordaland fylkeskommune forskotterer bygginga av dette riksvegtiltaket. På Rv 555 er det i dag store framkomstproblem for kollektivtrafikken, som vert ståande i dei same køane som bilane. Kollektivfelta er venta å stå ferdig i 2014.
Frå Elveneset til Skjoldskiftet vart det i 2012 starta opp bygging av kollektivfelt inn mot Skjoldskiftet. Dette er ein del av arbeidet med å forlenge Bybanen til Lagunen, og er meint å sikre bussane betre og meir føreseieleg framkomst inn mot bybanestoppet i Skjoldskiftet. Kollektivfeltet skal stå ferdig når Bybanen opnar til Lagunen, sommaren 2013.

Arbeidet med kollektivfelt gjennom Fyllingsdalen er det største enkelttiltaket for å betre framkomsten for buss i Bergensområdet. Dette omfattar etablering av kollektivfelt i Fyllingsdalen, frå kryss Allestadvegen til Løvstakktunnelen (Fv 540). Prosjektet er delt i to, der første del (Allestadvegen – Skarphaugen) har vore ut til offentleg ettersyn. Det vert no og arbeidd med å inkludere strekninga fram til og med Oasen terminal i del 1 av arbeidet med kollektivfelt. Etablering av kollektivfelt gjennom Fyllingsdalen vil resultere i eit robust kollektivsystem som kan fungere delvis uavhengig av hendingar på vegnettet, og gi effektiv og føreseieleg framkomst for bussen. Arbeidet inkluderer og etablering av ny innfartsparkeringsplass ved Skarphaugen, med plass til om lag 110 bilar.

Haldeplassar og terminalar

Ny og opprusta terminal og innfartsparkeringsplass på Storavatnet vart opna 27. november 2012. Terminalen er eit knutepunkt for trafikken i Bergen vest og mot Askøy og Sotra, og er oppgradert til universell utforming og med meir attraktive venteareal for dei reisande.

Åpning av Storavatnet Terminal

Innfartsparkering Foto: Tommy Næss

Arbeidet med opprusting av Bergen busstasjon har vore eit stort prosjekt i 2012. Prosjektet er delt i to, der nordre del vert opna 1. februar 2013. Byggestart på søre del er sett til august 2013, med ei byggjetid på om lag 6 månader. Hordaland fylkeskommune er byggherre for prosjektet, som inneber ei total opprusting med tanke på universell utforming, venterom og informasjonstiltak for dei reisande. Den ombygde terminalen vil gje dei kollektivreisande ein transporteffektiv og sentral kollektivterminal med nytt publikumsbygg, der det mellom anna er reiseinformasjon og billettautomatar. All reiseinformasjon vil bli presentert på digitale skjermar i publikumsbygget, ute på perrongane eller på informasjonspunkt rundt terminalen. Det er lagt vekt på at dei kollektivreisande skal kunne orientere seg enkelt med hjelp av informasjon presentert på skjermane eller ved hjelp av skilting i område.

Når det gjeld oppgradering av haldeplassar, så har det i 2012 vore arbeidd med strekninga NHH – Bryggen og Oasen terminal – Hesjaholtet. Arbeidet vert avslutta i 2013. I samband med dette bør det og nemnast at det er etablert to nye reguleringsplassar for buss ved Åsane terminal. Arbeidet vart fullført i samband med etablering av ny utkøyring Åsane terminal. Også i Askøy kommune ved Øvre Kleppe er det sett i gong arbeid med opprusting av 4 haldeplassar, koordinert med kommunen sitt arbeid med ny V/A-leidning i området. Arbeidet vert avslutta i 2013.

Fleire innfartsparkeringsplassar

Samferdselsutvalet har peikt ut ei tverrpolitisk arbeidsgruppe for innfartsparkering i Bergensområdet. Gruppa arbeidar med å utvikle ein strategi for det vidare arbeid med innfartsparkering i fylkeskommunen. Det har vore fleire prosjekt for innfartsparkering i 2012. 186 nye plassar mellom Steinsvikvegen og Fanavegen ved endestoppet for Bybanen byggetrinn 2 opna august 2012. Fylkeskommunen har i tillegg inngått avtale med Lagunen om leige av 150 plassar til innfartsparkering når Bybanen til Lagunen vert opna. I samband med opning av Bybanen byggetrinn 2 sommaren 2013, vert det og opna ein mindre innfartsparkeringsplass i Skjoldskiftet (ca. 50 plassar).

Samstundes med opning av terminalen på Storavatnet vart det og opna ny, utvida innfartsparkering ved terminalen. Parkeringskapasiteten på Storavatnet har vore fullt utnytta, men er no auka frå 50 til 150 plassar.

Etablering av innfartsparkeringsplassar i Os kommune var det største tiltaket på programområde kollektiv for fylkesvegane i Hordaland for 2012. Ei undersøking av grunnforholda viste at parkeringsplassen likevel ikkje kunne la seg realisere innanfor akseptable kostnadsrammer. Hordaland fylkeskommunen har samarbeida tett med Os kommune i denne saka, og det er i staden på planprogrammet for fylkesvegane i 2013 sett av fylkeskommunalt tilskot til planarbeid for ny innfartsparkering i regi av Os kommune. Fylkeskommunen har i tillegg forlenga avtalen om leige av innfartsparkeringsplassar ved Kuven stasjon, og Os kommune gir eit tilskot til finansieringa av denne avtalen. I tillegg til arbeidet med innfartsparkering har det blitt oppgradert 10 haldeplassar til universell utforming på strekningane Tøsdalskiftet – Osøyro (4) og Osøyro – Hatvik (6). Dette har skjedd i samband med Statens vegvesen si oppgradering av 22 haldeplassar langs E 39 mellom Nesttun og Tøsdalskiftet. Desse er finansiert med riksvegmidlar.

Tilskotsordningar

Tilskotsordning for universell utforming i kommunesektoren

I 2012 sette Samferdselsdepartementet av nær 57 mill kroner til meir tilgjengeleg kollektivtransport i kommunesektoren. Midlane er meint å nyttast til enkle og effektive tiltak på strekningar, knutepunkt og haldeplassar med mykje trafikk. For å kunne få tildelt midlar frå ordninga vert det kravd minst ein lokal eigendel på 25 % av tiltaket sin kostnad. Det vart tilsaman søkt om midlar for om lag 180 mill kr til 73 tiltak frå 44 ulike søkjarar. Hordaland fylkeskommune fekk tilskot på 2,1 mill kr til vidareutvikling av informasjon og skilting i Bergen sentrum. Bergen kommune søkte 1,275 mill kr til oppgradering av 7 gangfelt i Bergen sentrum og fekk fullt ut tilskot til dette. Også Askøy kommune fekk tilskotet dei søkte om på 510000,- kr til oppgradering av 9 haldeplassar på kommunale vegar.

Belønningsordringa for betre kollektivtransport og mindre bilbruk i byområda

Hordaland fylkeskommune, Bergen kommune og Samferdselsdepartementet inngjekk 20. juni 2011 avtale om belønningsmidlar til betre kollektivtransport og mindre bilbruk for perioden 2011 – 2014. Samferdselsdepartementet går i avtalen inn for å tildela 550 mill. kr. over 4 år til finansiering av tiltak som kan medverke til å redusere biltrafikken og å auke bruken av kollektivtransport og sykkel i Bergensområdet.

I avtalen er det sett opp følgjande effektmål for biltrafikken i Bergensområdet for perioden 2011 – 2014:

- Den samla biltrafikken i bompengeringen i Bergen skal ikkje auka i avtaleperiode sjølv om befolkninga og/eller talet på arbeidsplassar aukar.
- Biltrafikken inn mot Bergen sentrum skal i periodar med stor andel av arbeidsreiser reduserast med 5 % i 4 års perioden.

For å oppnå desse måla er det laga ein tiltaksplan med tiltak innanfor følgjande fire tiltaksgrupper:

- Tiltaksgruppe 1: Tiltak for å redusera privatbilismen.
- Tiltaksgruppe 2: Tiltak for å gjera kollektivtrafikken meir attraktiv.
- Tiltaksgruppe 3: Tiltak for ei meir berekraftig areal- og transportplanlegging.
- Tiltaksgruppe 4: Tiltak for å bidra til meir gange/sykling.

I 2012 har fylkeskommunen motteke 150 mill. kr. i belønningsmidlar. Desse midlane er fordelt på tiltak slik tabellen viser. I utgangspunktet vart 60 mill.kr. av midlane for 2012 halde tilbake av departementet. Årsaka til dette var at departementet ikkje var overtydd om at Bergensområdet i tilstrekkeleg grad hadde følgt opp avtalen gjennom sitt arbeid i 2011. Gjennom 2012 har det vore dialog mellom departementet og Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune i denne saka. I november vart dei resterande 60 mill. kr. med belønningsmidlar utbetalt.
Dei restriktive tiltaka er sentrale i belønningsordninga. I januar og februar 2012 kom dei naudsynte lokalpolitiske vedtaka i Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune i samband med revidert bompengesøknad for Bergensprogrammet. Dersom denne søknaden går igjennom i Stortinget vil det bety ei dobling av takstane i bompengeringen i Bergen. Tidspunkt for handsaming i Stortinget er ikkje klart, men er venta tidleg i 2013. Det er forventa at dobling av takstane vil gje ein monaleg reduksjon i biltrafikken i bompengeringen, og såleis vere viktig for å nå måla i belønningsavtalen.

Tiltak	2011	2012	2013	2014	2011 - 2014
Vidareføring og utvikling av taksttiltak og nye rutetilbod	30	25	20	15	90
Framkomsttiltak for buss	3	15	30	57	105
Informasjon og marknadsføring	2	5	7	16	30
Sykkeltiltak	3	14	30	23	70
Fortetting og konsentrert byutvikling langs bybanetraseen	2	1	1	1	5
Bybanen 3. byggetrinn	30	90	80	50	250
Sum belønningsmidlar	**70**	**150**	**168**	**162**	**550**

Tabell 04. Fordelinga av midlar. Tal i mill kr.

Del II: Hordaland utanom Bergensområdet

Drift av bussruter i distriktshordaland

Rutepakken Austevoll – vel gjennomført anbodsperiode

Austevoll var det aller fyrste området som vart anbodsutsett for rutebuss, og 2012 var det siste året i denne perioden. Rutepakken starta opp 1. januar 2008, og har totalt 389029 rutekm per år (1%). Året 2012 har til dels vore prega av førebuingar opp mot oppstart av ny anbodsperiode som vil gå i perioden 01.01.13-31.12.19 +1+1. Ruteopplegget vil halde fram som før, det vil sei med dei tre rutelinjene i sjølve Austevoll; Drøna , Våge og Kalve, saman med dei tre daglege rutene til Bergen.

Tide Buss har vore Skyss sin operatør i Austevoll dei siste fem åra. Busselskapet vann også det nye anbodet, og har investert i 9 nye bussar. Det har i 2012 vore gjennomført brukarundresøkingar på Austevoll. Desse viser svært gode tal for målingar av dei reisande si tilfredsheit med operatøren. Fylkeskommunen har i 2012 brukt noko midlar på utbetringar av kollektivpunkt. Dette er i hovudsak oppgradering av busstopp med mellom anna utplassering av busskur. Det er framleis enkelte punkt som ein treng å forbetre med omsyn til framkomst. Det har i året som har gått til dømes vorte arbeidd med snu- og parkeringstilhøva ved Selbjørn skule, framkomst på busstoppa i Bekkjarvik, samt ny terminal ved Storebø ungdomsskule.

Rutepakken Modalen og Vaksdal

Det har i 2012 vore lite endringar i drifta av rutepakke Modalen og Vaksdal. Dette er den minste rutepakken med totalt 376526 rutekm per år (1%). Operatøren Modalen og Eksingedalen Billag har utført arbeidet på ein god måte. Dette viser mellom anna att i positive resultat i brukarundersøkingar. Elles vart det ved skulestart hausten 2012 gjort tiltak for å betre skuleskyssen mellom kommunen og vidaregåande skular på Knarvik om morgonen. Ved retur om ettermiddagen var det vanskar med å få tilsvarande løysingar på plass. Utover dette kan det seiast at vegstandarden i ruteområdet er ei utfordring for operatøren. Spesielt mellom Stamnes og Eidslandet er vegen smal og rasutsett. Det har vore lokale initiativ i 2012 for å finna løysingar som kan betre situasjonen.

Rutepakken Hardanger og Voss

I 2012 har Hardanger og Voss vore prega av stor aktivitet innan utbygging av infrastruktur, til dømes opninga av Jondalstunnelen den 7. september, den planlagde opninga av Hardangerbrua i 2013, og ferdigstilling av ny tunnel bak Voss sentrum også dette i 2013. Dette er den største rutepakken i Hordaland utanom Bergensområdet, og har totalt 4.968.327 rutekm per år (15%). Frå fylkeskommunen si side har det i år vorte arbeidt mykje med å planlegge ein best mogeleg tilpassa rutestruktur til dei nye vegprosjekta. Det har mellom anna vore god dialog med dei involverte kommunane. Planarbeidet fekk si politiske tilslutning i desember. Det er ved utgangen av 2012 framleis nokre uavklara punkt for planlagt ruteoppstart 1. juli 2013. Dette gjeld bussterminalar i Granvin og Austrepollen, samt ferjekaien i Jondal.

Buss gjennom Jondalstunnelen Foto: Tommy Næss

Ruteproduksjonen i anbodspakka ber mellom anna preg av omfattande skuleskyss. Skuleelevar utgjer i overkant av 50 % av passasjertalet. Også turisttrafikken har bidrege godt i 2012, spesielt rundturane Norway in a Nutshell og Hardanger in a Nutshell. Operatøren i anbodspakken, Tide Buss, har fått svært gode tilbakemeldingar gjennom Skyss sine brukarundersøkingar gjennom året.

Rutepakken Sunnhordland

I rutepakke Sunnhordland er det 43 bussar i drift, der 21 av desse er stasjonert i Leirvik, 14 på Svortland og 8 i Sveio. Nobina AS har operatøransvaret i denne rutepakken som omfattar totalt 2.126.738 rutekm per år (6%). Det vart óg i 2012 gjort justeringar i ruteproduksjonen, og sommaren 2012 vart rutetilbodet redusert med om lag 1 mill kr. i denne rutepakken. I hovudsak vart reduksjonen gjort i Sveio og på Bømlo. På Bømlo kom største reduksjonen på linje 559 Svortland - Rubbestadneset og linje 555 Hiskjo – Svortland med sidevegar. I Sveio vart linje 159 Haugesund – Tittelsnes redusert med 3 turar. Vidare fall nattilbodet på Stord bort, og rute 700 noko redusert. Denne ruta køyrer no i hovudsak mellom Leirvik – Haugesund, og ikkje heilt frå Jektevik/ Rommetveit som tidlegare. Det har vore noko vegarbeid i ruteområdet og frå 10. mars og ut mai månad var vegen rundt Fitjar stengt. Bussane måtte då køyra om Helland til og frå Fitar. Framkomsten har elles vore god i Sunnhordland i 2012.

Rutepakken Nordhordland

Rutepakke Nordhordland er på totalt 3.262.745 rutekm per år (10%), og dekkjer totalt 5 kommunar. Det er Nobina AS som er operatør i denne rutepakken. I 2012 har talet på påstigande i rutepakke Nordhordland hatt ei auke på 2,7 % samanlikna med 2011. Totalt har det vore i overkant av 1,9 mill påstigande på rutebussane i Nordhordland i 2012.

Rutepakken Osterøy

Rutepakke Osterøy er på totalt 1.012.098 rutekm per år (3%), og har til saman 25 bussar. Det er Tide Buss som står for drift av rutepakke Osterøy. Tide Buss starta opp køyringa 1. mars 2011 med same rutestruktur som tidlegare. Det har heller ikkje vore endringar i ruteproduksjonen her i 2012. Tide Buss nyttar det fylkeskommunale bussanlegget på Lonevåg for drifta av rutepakken.

Drift av ferjeruter

Hordaland fylkeskommune har ansvaret for 16 ferjesamband i Hordaland. Alle kontraktane har vore anbodsutsett, og alle er no starta opp. Desse 16 sambanda (20 hovudferjer + reserveferjer) er fordelt på seks rutepakkar/kontraktar.

Anbodspakken Nordhordland

Pakken inkluderer følgjande tre samband; Fedje-Sævrøy, Leirvåg-Sløvåg og Langevåg-Buavåg, og har totalt tre ferjer. Norled AS er operatør, og kontraktsperioden er frå 1.1.2011 – 31.12.2018 + 1 år opsjon. Det har vore stabil og god drift i

Buss på Føyno Foto: Tommy Næss

Ferje og buss på Utne ferjekai Foto: Tommy Næss

denne rutepakken gjennom året. Sambanda Leirvåg-Sløvåg og Langevåg-Buavåg har hatt positiv trafikkutvikling, medan ferjesambandet Fedje-Sævrøy har hatt stabil trafikk.

Anbodspakken Masfjordnes – Duesund

I denne kontrakten er det berre eit ferjesamband, med ei kabelferje. Operatøren er Wergeland AS, og kontraktsperioden er frå 1.1.2010 – 31.12.2017 + 1 år opsjon. Det har vore stabil og god drift på sambandet, og stabil trafikk.

Anbodspakken Midthordland/Austevoll

Pakken inneheldt følgjande fire samband; Hatvik-Venjaneset, Halhjem-Våge, Krokeide-Hufthamar og Husavik-Sandvikvåg, og har totalt fem ferjer. FosenNamsos Sjø AS er operatør, og kontraktsperioden er frå 1.1.2011 – 31.12.2016 for Austevoll sambanda, og frå 1.1.2011 – 31.12.2018 for dei andre, - begge med 1 år opsjon. Det har vore generelt god og stabil drift. Ei hending med M/F «Trondheim» i august 2012 førde med seg nokre utfordringar i høve ferje II på sambandet Krokeide-Hufthamar. I samband med dette vart det gjort ei rokkering av ferjemateriell, som førde med seg at M/F «Marstein» i 2-3 månader vart nytta på ferjestrekninga Hatvik-Venjaneset.

Anbodspakken Sunnhordland

Pakken inkluderer følgjande fire samband; Jektevik-Nordhuglo-Hodnanes, Skjersholmane-Ranavik, Skånevik-Matre-Utåker og Fjelbergsambandet, og har totalt fem ferjer. Norled AS er operatør, og kontraktsperioden er frå 1.1.2011 – 31.12.2018 + 1 år opsjon. Det har vore generelt stabil og god drift. Norled har hatt nokre driftsutfordringar for sambandet Skjersholmane-Ranavik. Det er høgt fokus på å forbetra stabiliteten også for dette sambandet. Norled har hatt nokre lange planlagde verkstadsopphald siste året med bakgrunn i oppgradering av fleire ferjer. M/F «Folgefonn» og M/F «Høgsfjord» har fått skifta alle framdriftsmotorane.

På Fjelbergsambandet er det nokre utfordringar i høve kai på Borgundøy. Kvinnherad kommune og fylkeskommunen er i dialog om dette. I Sunnhordland har det vore stabil trafikkmengde, med ein liten auke.

Anbodspakken Klokkarvik – Lerøy – Bjelkarøy – Hjellestad

I denne kontrakten er det berre eitt ferjesamband, med ei ferje. Bergen-Nordhordland Rutelag AS er operatør, og kontraktsperioden er frå 1.2.2012 – 31.1.2017 + inntil 2 år og 11 månader opsjon. Dette var det siste fylkesvegsambandet som vart anbodsutsett i regi av fylkeskommunen. Det har vore ein del driftsproblem på sambandet. Den ferja som var kjøpt inn for sambandet har hatt to alvorlege driftsavbrot med påfølgjande lange verkstadopphald.

Anbodspakken Hardanger

Pakken har følgjande tre ferjesamband; Kvanndal-Utne-Kinsarvik, Jondal-Tørvikbygd og Gjermundshamn-Varaldsøy-Årsnes, og totalt fem ferjer. Norled AS er operatør, og kontraktsperioden er frå 1.1.2012 – 31.12.2018 + 1 år opsjon. I Hardanger har som nemnd Jondalstunnelen opna, og Hardangerbrua vert opna sommaren 2013. Med dette er to store infrastrukturprosjekt på plass. I høve ferjedrifta i Hardanger ser ein at det kan bli aktuelt å omfordela kapasiteten dersom endringane i veginfrastrukturen påverkar trafikkstraumane i vesentleg grad. Vidare vert det arbeidd med å finne gode løysingar for gjennomgåande buss for sambandet (Haukeliekspressen) frå 1.7.2013. Totalt sett for alle ferjesambanda i Hardangerpakken har det vore vekst i tal bilar og passasjerar.

Snøggbåt ved Leirvik kai Foto: Tommy Næss

Båtruter i Hordaland - drift og nytt anbod

Organisering og drift av båtrutene

Fylkeskommunen har kontraktsansvar for snøggbåtdrifta og lokale båtruter i Hordaland. Skyss gjennomfører normalt 2 – 4 driftsmøter pr. kontrakt kvart år. I samband med 2. generasjon anbodskonkurranse som vert gjennomført i 2012 og 2013 vert talet på kontraktar og samansetjing noko endra. Det vert lagt opp til tre bruttokontraktar og tre nettokontraktar. Utover desse er det også fem reint kommersielle ruter (løyve). Dei fleste av kontraktane vil gjelde for perioden 2014-2023 med tillegg på 2+2 års opsjon.

Oversikt over kommande organisering ved ny anbodsutsetting:

Bruttokontraktar

- Rutepakke 1. Sunnhordland og Austevoll (3 snøggbåtar og 1 lokalbåt): Kontraktsperiode: 1.1.2014 – 31.12.2023 + 2 + 2 år opsjon. Operatør: Norled AS.
- Rutepakke 4. Kleppestø-Nøstet/Strandkaien: Ikkje utlyst. Kontraktsperiode: 1.1.2015 – XXX. Operatør: Ikkje avgjort.
- Rutepakke 5. Nordhordland (1 snøggbåt): Kontraktsperiode: 1.1.2014 – 31.12.2018 + 6 + 2 + 2 år opsjon. Operatør: Norled AS.

Nettokontraktar

- Rutepakke 2. Espevær og Hernar (2 lokalbåtar): Kontraktsperiode: 1.1.2014 – 31.12.2023 + 2 + 2 år opsjon. Operatør: Ikkje avgjort.
- Rutepakke 3. Kvinnherad-Bergen og Reksteren-Våge-Osøyro (2 snøggbåtar): Kontraktsperiode: 1.1.2014 – 31.12.2023 + 2 + 2 år opsjon. Operatør: Ikkje avgjort.
- Rutepakke 6. Turistrute Hardanger (1 snøggbåt, sommarrute): Kontraktsperiode: 1.1.2014 – 31.12.2018 + 1 år opsjon. Operatør: Ikkje avgjort.

Infrastruktur Hordaland utanom Bergensområdet

Infrastrukturtiltak for kollektivtrafikken i Hordaland vert hovudsakeleg fastsett gjennom programområde kollektiv i dei årlege plan- og byggeprogramma for fylkesvegane i Hordaland. Tiltaka i 2012 har vore konsentrert om opprusting og etablering av haldeplassar og fasilitetar for dei reisande. I tillegg er trafikksikring ein sentral del av arbeidet, mellom anna gjennom å sikre venteareal for å unngå i konflikt med andre trafikantgrupper.

Når det gjeld gjennomføring av planlagde tiltak for 2012, så er førebels ikkje alle ferdigstilt. Dette skuldast hovudsakeleg utfordringar knytt til avklaring av entreprenør og etablering av avtalar med grunneigarar. Gjennomgangen nedanfor viser at det er fleire tiltak med finansiering i 2012 som ikkje var avslutta ved årsskiftet 2012/ 2013. Desse vil bli fullført i 2013.

Austevoll kommune

Plan- og byggeprogrammet for 2012 la opp til oppgradering av to haldeplassar på Storholmen. Desse midlane vart flytta til Eidsbøen i Austevoll i staden, i samråd med Austevoll kommune. Det er utplassert skur på totalt 10 haldeplassar i Austevoll.

Austrheim kommune

Venterommet på Sævrøy kai brann ned i 2010. Det vart sett av midlar til bygging av nytt venterom i 2011, men det var utfordringar knytt til å få på plass entreprenør for arbeidet i 2011. Arbeidet er starta opp, og nytt venterom er planlagt ferdig i mai 2013.

Bømlo kommune

Det er sett av midlar til etablering av to haldeplassar ved Mækjebakken i 2012. Dette er eit kombinert haldeplass- og trafikksikringstiltak. Bømlo kommune har gjeve tiltaket høg prioritet på sin trafikksikringsplan, og gjev tilskot til prosjektet. Prosjektet vart ikkje ferdigstilt i 2012, og vil bli ferdigstilt i 2013. I tillegg til dette er det sett opp leskur ved Gassasundet, som er finansiert ved hjelp av BRA-midlar i 2012.

Fusa kommune

I Fusa kommune var det for 2012 planlagt ferdigstilling av haldeplassar ved Rød, samt oppretting av haldeplass ved Revna/Haga. Ingen av tiltaka er ferdigstilte, men vil bli gjennomført i 2013. Dette gjeld også planlagt utplassering av leskur i Strandvik. I tillegg til dette er arbeidet med oppsetting av leskur ved Nordtveitgrend og Lundegrend i Fusa ferdig i 2012.

Kvam herad

Det er sett opp nytt busskur ved Oma programområde kollektiv på fylkesvegbudsjettet 2012.

Kvinnherad kommune

Venterom på Sunde i Kvinnherad har vore utsett for hærverk, og det har vore behov for opprusting. Oppgradert venterom sto ferdig i 2012.

Samnanger kommune

I Samnanger kommune er det oppgradert to haldeplassar, med tanke på trafikksikring. Ved Lauvskar er haldeplassen utvida for å få bussen ut av vegbana, og ved Aldalen haldeplass er leskur flytta for å forhindre at bussen tek borti skur med speglane ved innkøyring til haldeplass.

Stord kommune

Det er behov for venterom med toalettfasilitetar på ferjekaien i Jektevik. Prosjektet har lagt inne med midlar i 2012, men er førebels ikkje starta opp. Det er venta å starte opp i mars 2013. Når det gjeld haldeplassoppgraderinga som var planlagt i Leirvik 2012, så må desse sjåast i samanheng med pågåande planarbeid med framtidig terminal i Osen i Leirvik. Reguleringsplan for området er ute til offentleg ettersyn, men omfang av prosjektet er ikkje avklart.

Tysnes kommune

I Tysnes kommune har det vore utskifting av fire busskur i 2012, Uggdalseid, Holma, Reisa og Reksteren. Desse utskiftingane kom i stand som følgje av prosjektet med gjenbruk av skur som ikkje lenger kan nyttast på haldeplassar som vert oppgradert til universell utforming.

Voss kommune

Reguleringsplan for nytt knutepunkt og innfartsparkering ved Voss stasjon er under utarbeiding. For stasjonsområdet, Voss knutepunkt, er det i samarbeid mellom NSB/Rom Eigedom, Jernbaneverket, Statens vegvesen, Voss kommune og Hordaland fylkeskommune utarbeidd plangrunnlag for mellom anna ny kollektivterminal. Målsetjinga med planen er å utvikla eit funksjonelt knutepunkt som legg til rette for oversiktleg og effektiv overgang mellom buss, tog, drosje og privatbil. Reguleringsplanen er venta godkjent 1. halvår 2013. Som ledd i arbeidet med det nye trafikknutepunktet er Jernbaneverket i gang med bygging av mellom anna kulvert under jernbanespora.

Tilskotsordningar

Trygt heim

Trafikktryggleikstiltaket Trygt heim heldt i 2012 fram på åttande året i Hordaland. Dei faste rutene på ulukkesutsette strekningar i Bømlo, Kvinnherad, Stord og Voss har blitt køyrd kvar veke. Også i 2012 vart det sett opp ekstraruter i samband med festivalar, 16. mai-arrangement, juleball og liknande. Slike ekstraruter har og blitt sett opp i Austrheim, Lindås, Meland, Odda, Osterøy og Radøy. Til forskjell frå andre fylke, er det i Hordaland for det meste ordinære bussar som vert nytta. Det er her ikkje krav til førehandstinging, og dei som har UngdomSkyss reiser fritt.
Samla passasjertal for Trygt heim-ordninga i 2012 var på om lag 3 000 passasjerar. Dette er noko under fjoråret som var på 4 200. Fordelinga av passasjerar på faste ruter og sporadiske arrangement er om lag som for 2011, der 28,5 % av dei kollektivreisande er knytt til sporadiske arrangement. Av dei som nytter tilbodet er om lag 70 % under 25 år.

Kollektivtransport i distrikta (KID-midlar)

Samferdselsdepartementet har sidan 2007 delt ut øyremerka midlar for å stimulere fylkeskommunane til å prøve ut nytenkjande tiltak som gjeld Kollektivtransport i distrikta (KID). For å få slike midlar må fylkeskommunen/kommunane sjølv yta 50 % av prosjektkostnadene. KID-prosjekt skal normalt ikkje vare lengre enn 3 år. Midlane kan nyttast både til drift og

investering. Hordaland fylkeskommune søkte om eit tilskot på kr 970.000 i KID-midlar for 2012, og samferdselsdepartementet tildelte fylkeskommunen kr 855.000. Det er om lag 4 % av totalmidlane.
Midlane er mellom anna nytta til «Ungdomsruter» i kommunane Ullensvang, Odda, Eidfjord, Granvin inkludert Ulvik og Voss, og vidare i Jondal, Fusa og Masfjorden. Det har også blitt køyrd fleksible servicebuss- og drosjeruter i Sund, Øygarden og Fedje med stabil, tilfredsstillande oppslutnad, saman med tingingsruter i Eidfjord og Tysnes. I Jondal kommune vart det frå mai 2012 også sett opp samordningsrute som har hatt stabil oppslutnad.

Jente ved billettautomat i Arna Foto: Tommy Næss

Del III: Marknad og informasjon

Lett tilgjengeleg informasjon om kollektivtilbodet er avgjerande for både kundetilfredsheit og for kor mange som reiser kollektivt. Skyss legg til rette for at eksisterande og nye kollektivkundar er kjent med rutetilbodet, og eit sentralt mål er å tilby reiseprodukt som er enkle å forstå, kjøpe og bruke for alle. Det er ei målsetting for Skyss å formidle informasjon til dei kollektivreisande slik at tilbodet blir opplevd som heilskapleg, tydeleg og enkelt. I 2012 var marknadsarbeidet mellom anna konsentrert om følgjande satsingsområde:

- Marknadsføring og lansering av salskanalar og reiseprodukt.
- Betre kjennskap til Skyss sitt rutetilbod.
- Vidare arbeid med trafikantinformasjon.

Om marknadsarbeidet i 2012

Utvikling av nye salskanalar

Utvikling og bruk av salskanalar og reiseprodukt var eit viktig hovudsatsingsområde i 2012, og det har vore stort fokus på å auke graden av sjølvbetjening og førehandsbillettering. Nye salskanalar er viktige fordi desse vil føre med seg ei redusering av kontanthandtering i bussane, noko som igjen vil føre med seg kortare opphald på haldeplassane og auka tryggleik for sjåførane. Det har i 2012 blitt arbeidd med at kundane skal kunne kjøpe billettar og reiseprodukt andre stader enn om bord i bussane. Prosjektet har utarbeida løysingar for ulike kanalar.

Utplassering av billettautomatar i Bergensområdet

Hausten 2012 vart det sett ut 17 nye billettautomatar på terminalar og knutepunkt i og i nærleiken av Bergen. Salstatistikken for desse viser svært positive resultat. Oversikten over alle salskanalane viser at 18 % av alle billettkjøp vart gjort på billettautomatane. Automatane er plassert ut på Straume, Kleppestø, Storavatnet, Arna, Oasen, Småstrandgaten (utanfor Xhibition), Christiesgate (Festplassen), Bryggen, Møhlenpris og ved Haukeland universitetssjukehus. I samband med dette var det kundevegleiarar ute ved automatane fleire dagar i haust.

Utvikling av mobilbillett

Det vart arbeidd med utvikling av sal av billettar på mobiltelefon i 2012, og mobilapplikasjonen vart lansert for publikum 23. januar 2013. Før lansering vart det utført pilot med om lag 100 testpersonar. Skyss mobilbillett er ein mobilapplikasjon for iPhone og Android telefonar som gjer det mogleg å kjøpe EnkeltSkyss for vaksen, barn og honnør innanfor Sone Bergen. Ein kan og kjøpe billett med nattakst. Betaling skjer via bankkort, eigen reisekonto for mobil eller via kunden si telefonrekning. Salg av billettar på mobil inneber mindre kontanthandtering og raskare reisetid.

Sal hjå kommisjonær

Gjennom salskanalprosjektet er det og utarbeida ulike løysningar for sal av enkeltbillettar i kiosk og daglegvarebutikk, og det er utlyst og gjennomført anbodskonkurranse for lager-, logistikk- og detaljistledda. Det er planlagt at sal hjå kommisjonær vil bli lansert i 2013.

Nye kanalar for ruteinfo og styrka trafikantinformasjon

Det vert arbeidd kontinuerleg med å forbetre kollektivtilbodet og dei ulike brikkene det er samansett av. Dette inneber også god og tilgjengeleg informasjon til dei kollektivreisande om ruter og korrespondansepunkt. Både passasjertal og billettinntekter viser ei gledeleg auke, noko som indikerer at mykje av kollektivsystemet fungerer godt. Undersøkingar viser at hyppige kollektivreisande er nøgd, medan dei som reiser sjeldan er mindre nøgd og har eit dårlegare inntrykk av kollektivtilbodet. Det er difor ei kontinuerleg oppgåve å formidle informasjon om kollektivreiser på ein enno betre måte, og med det gjere potensielle reisande meir kjend med tilbodet som finst i sitt område.

Trafikantinformasjon involverer ei rekke kanalar, og erfaring viser at det er ressurskrevjande å få ut heilskapleg og korrekt informasjon som til ei kvar tid er oppdatert i alle kanalar. I tillegg til arbeid med trykt rute – og reiseinformasjon på haldeplassar, terminalar og rutehefte har Skyss hatt stort fokus på digitale informasjonsflater i 2012, slik som Skyss.no, applikasjonar, skjermar med avgangsinformasjon og førebuing til lansering av sanntidsinformasjon.

Opning av nytt kundesenter i Bergen sentrum

Den 12. november opna fylkesordførar Tom-Christer Nilsen eit nytt kundesenter for Skyss i Starvhusgaten, midt i Bergen sentrum. Dette for å tilby dei kollektivreisande ein enno meir sentralt stad der dei kan henvenda seg for å få hjelp, i tillegg til det eksisterande kundesenteret på Bergen Storsenter. Plasseringa like ved Olav Kyrres gate og endestoppet for Bybanen er veldig gunstig. Det nye kundesenteret har fokus på «hjelp til sjølvhjelp». Det er mellom anna ein billettautomat i lokalet som vert brukt til kunderettleiing. Lokalet har

Kampanjebilde: «Takk for at du gir plass til dei som treng det».

digitale skjermar både for ruteavgangar og produktinformasjon. Så langt har både nye og gamle kollektivreisande funne vegen til det nye kundesenteret, og det er venta at kundesenteret vil få ytterlegare besøk ved studiestart vår og haust.

Reiseplanleggjaren på skyss.no og mobil

I august 2011 vart reiseplanleggjaren lansert som applikasjon for iPhone og Andriod-telefonar, noko som førde med seg at kollektivreisande i Hordaland kan planleggje reisa med mobiltelefonen. Applikasjonen vart særs godt motteken, og bruken av reiseplanleggjaren (både skyss.no og mobil) auka med om lag 69 % i 2012 samanlikna med 2011. Per desember 2012 hadde 80000 personar lasta ned mobilapplikasjonen. Profilering av stamlinjer og app for reiseplanleggjar vart utført i form av annonsering (bt mobil), plakatar på buss og bybane, samt radioannonsering som har vore jamleg på lufta i heile 2012.

Skyss.no

I samband med oppstart av haustrutene for buss og bybanen samt skulestart hadde skyss.no over 27.000 besøkande på eitt døgn. Reiseplanleggjaren på skyss.no og mobilapplikasjonen hadde same døgn til saman over 39.000 søk. Skyss.no er den viktigaste kanalen for kundeinformasjon, og talet på besøk til skyss.no auka med om lag 20 % frå 1. til 4. kvartal 2012. Gjennomsnittleg tal besøkande til skyss.no på eitt døgn var i 2012 på om lag 16.000.

Skyss har fått eigen profil på Facebook

Skyss lanserte eigen Facebook-profil i mai 2012. Målsettinga er å komme tettare på kundane og forbetre informasjon om trafikkavvikling, avvik, endringar i kollektivtilbodet og nye produkt. I januar 2013 var det 1200 følgjarar på profilen. Det er Kundesenteret som har det daglege ansvaret for å svare på spørsmål.

Kampanjearbeid 2012

SMIL-kampanjen

SMIL-kampanjen i 2011 fekk god mottaking blant publikum. I tillegg vann Skyss «BT-prisen 2011», og vart nominert i reklamekonkurransen «Den Gyldne Hane» for denne kampanjen. Kampanjen vart vidareført i 2012 med ein litt annan vri med interaktiv test med Leo Ajkic (for nett og mobil), oppfordrande plakatar på buss og bybane samt annonser på bt.no samt kinoreklame. I 2012 vann Skyss to «BT-prisar» for SMIL-kampanjen.

Reiseprodukt

For å betre kjennskapen til reiseprodukta og bruk av Skysskortet, har det i 2012 vore fokus på lansering av Favorittreise, produksjon av informasjonsfilmar samt ekstra informasjonstiltak knytt til PeriodeSkyss Student og UngdomSkyss.

Lansering av Favorittreise

I februar 2012 kunne kollektivreisande i Hordaland registrere den mest brukte reisa som Favoritt på Skysskortet. Fordelane med Favoritt er at reisande kan nytte bakre inngang på bussen, eller gå rett om bord på Bybanen for å registrere Skysskortet. Ordninga fungerer slik at den reisande fyller pengar på Skysskortet (KontantSkyss), vel sin Favoritt og registrer Skysskortet på kortlesaren om bord. KontantSkyss gir 23 % rabatt (EnkeltSkyss vaksen) og beløpet for reisa blir trekt automatisk frå KontantSkyss. Favoritt kan registrerast for eit område eller strekning. Etter innføringsperioden nyttar om lag 8.000 ulike kundar Favoritt kvar månad. Konseptet vart marknadsført i form av avisannonser i BA og BT, ein eigen brosjyre til utdeling på kundesenter og i bussane, samt plakatar i buss og bybane.

Informasjonsfilmar om Skysskortet og reiseprodukt

I 2012 vart det produsert tre informative og underholdande informasjonsfilmar som omhandlar Skysskortet, PeriodeSkyss og KontantSkyss. Filmane fekk god mottaking hjå publikum, og er å finne på skyss.no og på Youtube. Eigne variantar av filmane vil følgjast opp som kinoreklame i 2013.

Informasjon på studiestadene om PeriodeSkyss student og UngdomSkyss

Fleire tiltak for å betre kjennskapen til desse produkta vart iverksett i 2012. Skyss arrangerte bemanna stands på høgskular og Universitetet i Bergen, og det var plassert ut mellom anna plakatar på ungdomskulane og Facebook-annonsering for å nå det nye årskullet for UngdomSkyss.

Takstar og endringar i reglementet for kollektivreisande

Takstendring frå 1. januar 2012 og ny øvre aldersgrense for studentar

Etter vedtak i fylkestinget vart det ikkje gjennomført endringar i prisen ved bruk av Skysskortet og reiseprodukta PeriodeSkyss, UngdomSkyss eller FleksiSkyss for vaksen. Dette medførte at det i enno større grad vart gunstig å nytta Skysskortet for ei kollektivreise i Hordland frå og med 1. januar 2012. Detaljar om endringane:

- EnkeltSkyss betalt utan KontantSkyss auka med 8 %. Minstetaksten auka då frå kr. 25,- til kr. 27,- for vaksen, og frå kr. 13,- til kr. 14,- for barn/honnør
- Auka rabatt frå 17 % til 23 % for EnkeltSkyss vaksen betalt med KontantSkyss – dvs uendra pris i forhold til 2011
- Auka rabatt frå 17 % til 23 % for EnkeltSkyss student (reiser gjennom minst 7 soner) – uendra pris i forhold til 2011
- Auka rabatt frå 17 % til 23 % for grupper – uendra pris i forhold til 2011
- Auka rabatt frå 17 % til (12 reiser for prisen av 10) til 23 % (12 reiser for prisen av om lag 9 reiser) – uendra pris for FleksiSkyss vaksen i forhold til 2011
- Prisen for FleksiSkyss barn/honnør vart vidareført som prisen for 10 EnkeltSkyss barn/honnør
- Prisen for FleksiSkyss barn/honnør auka med 8 % som var tilsvarande prisauken for EnkeltSkyss
- For PeriodeSkyss, UngdomSkyss, DagSkyss og nattakst var det uendra pris i forhold til 2011

Fylkestinget gjorde også vedtak om ny øvre aldersgrense for studentar. Aldersgrensa for å få rabatt som student på PeriodeSkyss og EnkeltSkyss (reiser gjennom minst 7 soner) var frå 2012 til og med 32 år mot før til og med 29 år (under 30 år).

Positive endringar for kollektivreisande på buss/tog

Hordaland fylkeskommune har takstsamarbeidsavtale med NSB som inneber at ein kan nytte eit kombinasjonsprodukt for 30 dagar som gjeld både på buss/Bybanen og tog. Kombinasjonsproduktet vert kalla PeriodeSkyss buss/tog 30 dagar, og frå 1. januar 2012 vart dette tilgjengeleg også for barn i tillegg til vaksen og student. NSB justerte sine prisar 1. februar 2012, og som følgje av dette auka PeriodeSkyss buss/tog med i gjennomsnitt 2 % frå same dato.

Ny avtale om takstsamarbeid med NSB vart inngått i 2010 etter godkjenning i fylkesutvalet. NSB får gjennom avtalen kompenasjon for NSB takst for reisande som nyttar kombinasjonsprodukt buss/tog. Ordninga med kombinasjonsprodukt buss/tog har i mange år hatt sine manglar organisatorisk og takstmessig, og har i tillegg vore vanskeleg å marknadsføra. For nokre av strekningane låg taksten for kombinasjonsproduktet buss/tog langt under NSB takst. På bakgrunn av dette vart det frå 1. juli 2012 innført nye takstar for kombinerte periodeprodukt buss/tog slik at:

- Takstane vart bygt opp med ordinære busstakstar (sonetakst) med eit taksttillegg for aktuell togstrekning.
- Tilbodet vart endra slik at produktet automatisk vart gyldig både på buss og tog på den aktuelle strekninga.
- Produktet vart gyldig på alle reiser med buss frå Arna og via Åsane eller Nesttun til sone 110 (sentrum) og vidare vestover til Bergen vest, Askøy, Sotra osv.

Endringar i Reglement for takstar og rabattordningar for buss og Bybanen

Det vart gjort fleire endringar i Reglement for takstar og rabattordningar for buss og Bybanen i Hordaland, gjeldane frå 1. juli 2012. Fylkesutvalet vedtok nokre månader tidlegare at det skal aksepterast følgjebevis på all kollektivtransport som får, eller vert drifta ved hjelp av fylkeskommunale tilskot. Dette er på lik linje med slik ordninga er i Rogaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal.

Samstundes vart det gjort endringar i takstreglementet når det gjeld ordninga kring periodeprodukta, ved at det vart opna for å selje PeriodeSkyss på anonyme Skysskort, og sjølve produktet er difor ikkje lenger personleg. På den måten kan innehavar av Skysskort med periodeprodukt overdra kortet til ein annan person, og det er den personen som til ei kvar tid er innehavar av Skysskortet som har gyldig billett, på lik linje som med for eksempel FleksiSkyss. Personen som bruker Periodeskyss må likevel tilfredsstille krav til alder og rabattar. Endringa innebar at det no vert sett skilje mellom registrert og uregistrert Skysskort, og ikkje mellom personleg eller anonymt Skysskort. Hordaland fylkeskommune har med det lagt seg på same praksis som Ruter (Oslo og Akershus) og AtB (Sør-Trøndelag). Ordninga vart ikkje gjort gjeldane for UngdomSkyss, men det vart her opna for å gjere det valfritt å registrere Skysskortet sentralt i billettsystemet. Endringane er gjort som følgje av innføring av bransjenorm for elektronisk billettering som vart iverksett 1. juni 2012. Bransjenorma seier at ein må kunne tilby alle kundar like vilkår, sjølv om kunden ønskjer å vere anonym.

Fordeling av ulike reiseprodukt

Når det gjeld fordelinga av dei ulike reiseprodukta står PeriodeSkyss for 49 % av det samla billettsalet i Bergensområdet, og 30 % av det samla billettsalet i resten av Hordaland. Enkeltbillettar (EnkeltSkyss og grupperabatt) står samla for 44 % av billettinntektene i Bergensområdet, og 68 % i resten av Hordaland. Det er ei målsetjing å få opp

talet på reisande som kjøper billett før dei går om bord eller nyttar Skysskort når dei løyser billett. På denne måten får ein ned tidsbruken på haldeplassane, og reduserer sjåførane sitt ansvar for store kontantmengder.

Reiseprodukt	Inntekt 2011	Inntekt 2012	% av total inntekt 2012
EnkeltSkyss	243 586 575	249 312 808	44,3 %
FleksiSkyss	21 891 831	24 769 468	4,4 %
Grupperabatt	33 120 258	32 187 936	5,7 %
Nattbillettar	12 303 322	12 631 257	2,2 %
PeriodeSkyss	221 038 784	243 585 428	43,3 %
Andre reiseprodukt/reisegods	381 726	353 667	0,1 %
Totalt	**532 322 496**	**562 840 564**	**5,7 %**

Tabell 05. Fordeling av inntekter for dei ulike typane av reiseprodukt. Inntektene for skuleskyss kjem i tillegg.

Sal av periodebillett – utvikling

I periodebillettane inngår kategoriane barn, honnør, student, ungdom og vaksen. Billett gyldig i 30-daga er felles for alle kategoriane, medan 7-dagar og 180-dagar vert tilbydd for alle kategoriane med unnatak av ungdom. For å kunne samanlikna er billettar som er gyldig 7-dagar og 180-dagar omrekna til 30-dagar. For perioden 2011 til 2012 har salet auka frå 488517 billettar til 544326. Det er ein auke på 11,4 % frå 2011 til 2012.

År	Barn	Honnør	Student	Ungdom	Voksen	Totalsum	%-endring
2011	15 825	19 526	96 486	162 001	194 679	488 517	
2012	19 440	22 535	116 442	168 703	217 207	544 326	11.4 %

Tabell 06. Sal av periodebillett – utvikling.



Figur 02. Andel tilfredsheit blant innbyggarar, etter område og år. (BO = Bergensområdet, HORD = øvrige Hordaland)

Mange fornøgde kollektivreisande i Hordaland

Innbyggjarane sin tilfredsheit med kollektivtilbodet

Dei som reiser kollektivt gjev i marknadsundersøkingar uttrykk for at dei er godt nøgd med kollektivtilbodet. Når ein ser på innbyggarane i Hordaland totalt sett (uavhengig om dei reiser kollektivt eller ikkje) så gjev desse på ulike måtar uttrykk for at dei er middels godt fornøgd med kollektivtilbodet. På spørsmål om «alt i alt tilfredsheit med kollektivtilbodet» (der ein bur og ferdast), er 45 % tilfreds, og 50 % er tilfreds med «antal avgangar». Ein finn også skilnaden mellom Bergensområdet, og dei som høyrer til Hordaland elles, ved at innbyggjarane i Bergensområdet er markant meir tilfreds enn i Hordaland elles med ei fordeling på 50 % vs 34 % for «alt i alt tilfredsheit», og 55 % vs. 37 % for «antal avgangar». Det er positivt å merke seg at i Bergensområdet er det ei auke i dei som er nøgd med «antal avgangar» frå 2011 til 2012. Både med tanke på punktlegheit og høve til sitjeplass er innbyggjarane i distriktet, ikkje uventa, meir tilfreds enn Bergensområdet. Det er utelukkande elementet; punktlegheit i Bergensområdet har positiv utvikling siste tre år (56 % - 59 %). Høve til sitjeplass har negativ utvikling siste tre år. Denne tendensen er mest markant i Hordaland utanom Bergensområdet.

Når det gjeld dei to elementa «høve til å reise direkte», og «prisen på kollektivreiser», er begge kjenneteikna av negativ utvikling siste tre åra. Dette gjeld begge områda. Nedgang på «høve for å reise direkte» er til ein viss grad ei forventa utvikling ettersom både Bybanen og ruteomlegginga oktober 2011 innebar auka behov for omstigning.

Kva meiner kundane om kollektivtilbodet

Når det gjeld intervju med kundar om bord (MIS) så er dei alt i alt fornøgd med kvaliteten på det kollektivtilbodet dei nyttar. På spørsmål om «alt i alt tilfredsheit med reisa» som kunden gjer (når han vert intervjua), oppgjev 53 % at dei er «svært tilfreds», og 44 % «ganske tilfreds»[1]. Dette er eit samla tilfredsheitsnivå på nivå med det ein finn blant reisande med Ruter i Oslo og Akershus. På dette spørsmålet (alt i alt tilfredsheit) er kundar i Bergensområdet totalt sett litt mindre tilfreds enn Hordaland elles. I begge område har andelen «svært fornøgd» ei markant positiv utvikling frå 2010 til 2012, med tilsvarande reduksjon i andelen «ganske fornøgd». Dette inneber at nesten ingen kundar oppgjev misnøye, som også er eit mønster vi finn i Ruter sine resultat.

1 Svarskala MIS om bord-intervju: Svært fornøgd, ganske fornøgd, korkje fornøgd eller misfornøgd, ganske misfornøgd, svært misfornøgd, ikkje sikker/ubesvart.

Del IV: Talmateriale

Fylkeskommunal finansiering

Driftsbudsjett

Budsjetterte nettoutgifter – kollektivtrafikk 2007-2012 (på KOSTRA funksjon/kostnadsstad).

Kollektivføremål /År (Kr. i heile 1000)	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Bilruter	**418 900**	**604 360**	**659 205**	**649 821**	**752 010**	**763 797**
310 220 Bilruter	300 000	476 300	546 350	504 333	586 844	593 666
300 310 Skoleskyss grunnskule	29 100	34 600	35 716	52 600	54 020	42 000
300 320 Skoleskyss vg. skole	89 000	80 400	56 593	55 900	50 200	55 400
310 200 Generell drift					22 290	36 274
310 100 Administrasjon av Skyss	0	12 060	17 881	23 283	29 536	36 457
Fylkesvegferjer*	**13 200**	**13 700**	**16 200**	**308 200**	**301 915**	**305 272**
Båtruter	**54 000**	**60 600**	**62 554**	**66 709**	**74 499**	**82 744**
Bybanen	**0**	**0**	**1 500**	**17 992**	**30 583**	**50 868**
Sum nettodriftsutgift kollektivføremål	**486 100**	**678 660**	**739 459**	**1 042 722**	**1 159 007**	**1 202 681**
Sum nettodriftsutgift heile HFK	**3 068 641**	**3 386 007**	**3 379 098**	**4 172 342**	**4 528 000**	**4 755 500**
Kollektiv netto driftsutgift i % av nettodr. utg. heile HFK	15,80 %	20,00 %	21,90 %	25,00 %	26,00 %	25,29 %
Bilruter i % av sum drift heile HFK	13,60 %	17,80 %	19,50 %	15,60 %	17,00 %	16,06 %

*overtaking av «øvrige riksvegferjesamband» 01.01.2010.
Tabell 07.

Fordeling av 1203 mill. til kollektivføremål i 2012



Figur 03. Investeringsbudsjett

Investeringsutgifter – i heile 1000 kr. (på KOSTRA funksjon)

År	Rekneskap 2008	Rekneskap 2009	Rekneskap 2010	Rekneskap 2011	Revidert budsjett 2012
730 Bilruter	160 251	71 891	207 911	105 600	30 000
734 Bybanen	72 249	102 303	184 960	16 200	87 000
Sum	**232 500**	**174 194**	**392 971**	**121 800**	**117 000**
Sum invest. HFK*	**705 130**	**1 262 495**	**2 569 337**	**2 446 500**	**2 827 900**
Kollektiv % av sum invest.	**33 %**	**14 %**	**15 %**	**5 %**	**4 %**

*stor vekst i invest.budsjettet pga. overtaking av «øvrige riksvegar» 01.01.2010.

Tabell 08.

Buss – trafikkstatistikk

Rutepakke	2011	Snitt per dag 2011	2012	Snitt per dag 2012
1.1 Austevoll	188 626	517	196 130	536
1.2 Sunnhordland	1 121 919	3 074	1 088 487	2974
1.3/1.4 Voss & Hardanger	2 178 443	5 968	2 116 523	5 783
1.5 Modalen & Vaksdal	84 819	232	81 971	224
2.1 Nordhordland	1 870 721	5 125	1 921 984	5 251
2.6 Osterøy	512 645	1 405	625 220	1 708
2.2 Bergen Sør	6 660 071	18 247	6 863 464	18 753
2.3 Bybanen	7 060 109	19 343	7 994 741	21 844
2.4 Bergen Nord	2 740 007	7 507	11 147 165	30 457
2.5 Bergen Sentrum	682 569	1 870	10 253 937	28 016
2.7 Vest			2 510 286	6 859
Kvalitetsavtalen	21 409 226	58 655	2 421 246	6 615
Totalt, påstigingar	**44 509 155**	**121 937**	**47 221 154**	**129 863**

Tabell 09.

Buss og Bybanen – rutepakkane

Rutepakke	Kommunar/bydelar	Driftsperiode	Operatør
Austevoll	Austevoll	01.01.2013 - 31.12.2019 +1+1	Tide Buss AS
Sunnhordland	Stord Fitjar Bømlo Sveio	01.07.2008 - 01.07.2015 +2	Nobina AS
Hardanger	Etne Odda Kvinnherad Jondal Ullensvang Eidfjord Tysnes Fusa Samnanger Kvam	16.08.2008 - 15.08.2015 +1	Tide Buss AS
Voss	Voss Granvin Ulvik Delar av Vaksdal	16.08.2008 - 15.08.2015 +1	Tide Buss AS
Modalen/Vaksdal	Modalen Vaksdal	16.08.2008 - 15.08.2015 +1	Modalen-Eksingedalen Billag AS
Nordhordland	Austrheim Radøy Meland Masfjorden Lindås	16.08.2009 - 15.08.2016 +2	Nobina AS
Osterøy	Osterøy	01.03.2011 - 28.02.2018 +2	Tide Buss AS
Bergen Sør	Fana Ytrebygda Os	16.08.2010 - 30.04.2017 +2	Tide Buss AS
Bybanen	Byparken – Nesttun	22.06.2010 - 01.07.2017 +2	Fjord1 Partner AS
Bergen Nord	Åsane Arna Lønborg Laksevåg Fyllingsdalen Bønes Loddefjord	01.10.2011 - 30.09.2018 +2	Tide Buss AS
Bergen Sentrum	Bergen sentrum Sandviken Årstad	01.12.2011 - 30.09.2018 +2	Tide Buss AS
Vest	Askøy Fjell Sund Øygarden	25.06.2012 - 24.06.2019 +1+1	Nettbuss AS

Tabell 10.

Ferjer – trafikkstatistikk

Samband	Kjøretøy 2010	Pbe 2010	Pbeådt 2010	Pax 2010	Kjøretøy 2011	Pbe 2011	Pbeådt 2011	Pax 2011	Kjøretøy 2012	Pbe 2012	Pbeådt 2012	Pax 2012
Masfjordnes-Duesund «Fjon-M»	52 428	58 221	160	85 894	53 917	60 507	166	86 460	54 031	61 606	169	85 727
Nordhordland												
Fedje-Sævrøy «Fedjefjord»	40 035	49 848	137	90 874	43 372	54 454	149	97 072	44 690	54 758	150	100 239
Leirvåg-Sløvåg «Melderskin»	177 802	269 128	737	310 686	177 319	265 798	728	317 427	186 684	278 459	763	339 950
Langevåg-Buavåg «Utstein»	73 705	94 659	259	131 948	76 134	95 639	262	136 693	78 953	102 906	282	138 664
Sunnhordland												
Skjersholmane-Ranavik «Strand» «Høgsfjord»	132 477	204 341	560	241 915	133 358	205 382	563	242 808	131 534	201 702	553	240 390
Skånevik-Matre-Utåker «Kvinnherad»	85 531	127 578	350	168 594	85 350	130 877	359	166 485	84 829	130 948	359	167 489
Jektevik-N. Huglo-Hodnaneset «Folgefonn»	160 219	207 697	569	281 171	165 776	216 872	594	290 127	168 057	220 994	605	292 698
Fjelbergruta «Sveio»	26 027	36 617	100	54 242	29 881	41 797	115	60 270	30 869	42 742	117	61 483
Midthordland og Austevoll												
Krokeide-Hufthamar «Trondheim» «Marstein»	264 586	365 272	1 001	509 456	277 509	378 068	1 036	542 902	285 406	390 536	1 070	558 460
Husavik-Sandvikvåg «Heilhorn»	49 003	75 574	207	90 616	54 848	79 336	217	104 950	56 304	81 400	223	108 774
Halhjem-Våge «Selbjørnsfjord»	157 344	200 791	550	316 308	164 387	204 428	560	331 213	168 956	207 667	569	340 918
Hatvik-Venjaneset «Fosen»	359 401	483 419	1 324	730 033	363 516	472 170	1 294	720 120	359 926	464 665	1 273	690 208

Samband	Kjøretøy 2010	Pbe 2010	Pbeådt 2010	Pax 2010	Kjøretøy 2011	Pbe 2011	Pbeådt 2011	Pax 2011	Kjøretøy 2012	Pbe 2012	Pbeådt 2012	Pax 2012
Hardanger												
Kvandal-Utne-Kinsarvik «Hardingen» «Jondal»	240 427	419 805	1 150	539 847	222 242	393 525	1 078	510 678	203 374	365 679	1 002	467 253
Jondal-Tørvikbygd «Ølen»	95 912	138 577	380	206 801	93 011	135 503	371	202 112	111 686	160 228	439	234 955
Gj.hamn-Varaldsøy-Årsnes «Vikingen» «Hordaland»	220 725	318 670	873	445 231	238 939	347 285	951	484 276	257 587	376 136	1031	511 657
Klokkarvik-Hjellestad «Sundferja»	18 723	21 157	58	37 074	18 664	21 828	60	37 633	19 477	22 049	60	37 449
Samla Hordaland (HFK ansvar) anbodsutsette ferjesamband	**2 154 345**	**3 071 354**		**4 240 690**	**2 198 223**	**3 103 469**		**4 331 226**	**2 242 363**	**3 162 475**		**4 376 314**
Breistein-Valestrand «Ole Bull»	191 625	232 457	637	411 798	184 629	250 843	687	394 977	188 828	240 120	658	405 524
Samla Hordaland (inkl. HFK ansvar og kommersiell rute)	**2 345 970**	**3 303 811**		**4 652 488**	**2 382 852**	**3 354 312**		**4 726 203**	**2 431 191**	**3 402 595**		**4 781 838**
Halhjem-Sandvikvåg «Bergensfjord» «Fanafjord» «Raunefjord»	870 611	1 594 342	4 368	2 068 779	888 618	1 660 132	4 548	2 089 712	912 463	1 743 838	4 778	2 125 863
Bruravik-Brimnes «Sogn» «Gulen»	361 206	544 649	1 492	865 306	357 348	543 937	1 490	900 069	350 397	530 820	1 454	873 146
Samla Hordaland (inkl. HFK ansvar, kommersiell rute og SVV ansvar)	**3 577 787**	**5 442 802**		**7 586 573**	**3 628 818**	**5 558 381**		**7 715 984**	**3 694 051**	**5 677 253**		**7 780 847**

Tabell 11.

Ferjer – anbodspakkane

Anbodspakke - ferjesamband	Kommunar	Driftsperiode	Operatør
Masfjordnes – Duesund Masfjordnes – Duesund	Masfjorden	01.01.2010 - 31.12.2017 +1 år	Wergeland AS
Nordhordland Fedje – Sævrøy Leirvåg – Sløvåg Langevåg – Buavåg	Fedje Austrheim Gulen Bømlo Sveio	01.01.2011 - 31.12.2018 +1 år	Norled AS
Sunnhordland Skjersholmane – Ranavik Skånevik – Matre – Utåker Jektevik – Hodnanes – Nordhuglo Fjelberg – Sydnes – Utbjoa	Kvinnherad Vindafjord Stord Etne Tysnes	01.01.2011 - 31.12.2018 +1 år	Norled AS
Midthordland/Austevoll Krokeide – Hufthamar Husavik – Sandvikvåg Halhjem – Våge Hatvik – Venjaneset	Bergen Austevoll Fitjar Tysnes Os Fusa	01.01.2011 - 31.12.2016 +1 år 01.01.2011 - 31.12.2018 +1 år	FosenNamsos Sjø AS
Hardanger Kvanndal – Utne – Kinsarvik Tørvikbygd – Jondal Gjermundshamn – Årsnes – Varaldsøy	Ullensvang Granvin Kvam Jondal Kvinnherad	01.01.2011 - 31.12.2018 +1 år	Norled AS
Klokkarvik – Hjellestad Klokkarvik – Lerøy – Bjelkarøy – Hjellestad	Bergen Sund	01.02.2012 - 31.01.2017 + inntil 2 år og 11 mnd opsjon	Bergen-Nordhordland Rutelag AS
Kommersielt løyve Breistein – Valestrand	Bergen Osterøy	Løyve til 30.04.2014	Osterøy ferjeselskap AS
Riksvegsamband Halhjem – Sandvikvåg	Os Fitjar	01.01.2007 - 31.12.2016	Fjord1
Riksvegsamband Bruravik – Brimnes	Ulvik Eidfjord	01.01.2011 - til bruopning, venta sommaren 2013	Fjord1

Tabell 12.

Båt – trafikkstatistikk

Båtruter	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Tide Sjø AS						
Sunnhordlandsruta	329 549	336 473	335 314	327 841	326 077	311 153
Austevoll	16 108	11 964	10 990	11 742	11 881	12 808
Espevær	29 251	29 533	30 832	32 718	36 022	36 093
Turistruta Hardanger	12 971	15 715	14 914	14 185	14 928	14 832
L. Rødne & Sønner AS						
Kvinnheradsruta (Rosendal - Bergen)	24 178	35 263	39 192	39 922	44 312	44 880
Bergen-Nordhordland Rutelag AS						
Kleppestø – Bergen	225 276	252 134	260 502	274 037	279 578	302 593
Hernar – Hellesøy	6 675	6 594	8 274	6 578	7 405	7 600
Strønen's Båtservice						
Rekstern – Våge – Os	5 700	6 791	5 800	7 500	8 501	5 958
Samla antal snøggbåtreisande	**649 708**	**694 467**	**705 818**	**714 523**	**728 704**	**735 917**

Tabell 13.

Båt – ruteproduksjon

Snøggbåtruter – kontrakt

Snøggbåtruter - kontrakt	Kommunar	Driftsperiode	Operatør
Kleppestø – Nøstet	Askøy Bergen	01.01.2005 - 31.12.2014	Bergen-Nordhordland Rutelag AS
Espevær – Eidesvik	Bømlo	01.01.2007 - 31.12.2013	Norled AS
Austevollsruta	Austevoll	01.01.2007 - 31.12.2013	Norled AS
Sunnhordlandsruta	Bergen Austevoll Bømlo Stord Kvinnherad Etne Vindafjord	01.01.2007 - 31.12.2013	Norled AS
Kvinnheradsruta (Rosendal – Bergen)	Bergen Os Tysnes Kvinnherad	01.01.2007 - 31.12.2013	L. Rødne & Sønner AS
Turistruta Hardanger	Kvam Ulvik Ullensvang Eidfjord	01.01.2007 -31.12.2013	Norled AS
Reksteren – Våge – Osøyro	Tysnes Os	01.01.2013 - 31.12.2013	Gulen Skyssbåtservice AS
Hernar – Hellesøy	Øygarden	01.01.2007 -31.12.2013	Bergen-Nordhordland Rutelag AS
Knarvik – Frekhaug – Bergen	Lindås Meland Bergen	Ny anbodskontrakt, - perioden: 01.01.2014. 01.01.2014 – 31.12.2018 +6+2+2	Norled AS
Flaggruten (kommersiell)	Bergen - Stavanger	løyve til 30.04.2017	Norled AS

Tabell 14.

Båtruter – løyve

Båtruter - løyve	Kommunar	Driftsperiode	Operatør
Geitanger	Fjell	01.06.2008 - 31.05.2018	Geitanger transport
Åkrafjorden	Etne	Kontinuerleg	Nils Kjetil Eikemo
Osterfjorden	Osterøy Vaksdal Lindås	01.07.2007 -	Osterøy sjøreise
Fyksesundet - Botnen	Kvam	23.04.2008 - 31.12.2011	Fyksesund fjordreiser v/Terje Haugsvær

Tabell 15.

Billettkontrollar, taksar og fornøgde kollektivreisande

	Kontrollar i 2012			Kontrollar i 2011			2012 vs 2011
Sone	Ant. kontrollerte	Ant. avvik	% avvik	Ant. kontrollerte	Ant. avvik	% avvik	
Austevoll	0	0		462	3	1 %	1,0 %
Sunnhordland	421	10	2,4 %	993	14	1,4 %	1,0 %
Hardanger/Voss	210	5	2,4 %	1 763	29	1,6 %	0,8 %
Nordhordland	926	14	1,5 %	1 174	10	0,9 %	0,6 %
Askøy	4 614	35	0,8 %	9 341	46	0,5 %	0,3 %
Bergen Nord	45 765	367	0,8 %	18 645	96	0,5 %	0,3 %
Bergen sør	54 634	287	0,5 %	71 361	231	0,3 %	0,2 %
Bergen vest/sentrum	29 721	277	0,9 %	29 511	257	0,9 %	0,0 %
Sotra	3 887	70	1,8 %	3 841	32	0,8 %	1,0 %
Osterøy/Arna	656	5	0,8 %	510	6	1,2 %	-4,0 %
Bybanen	805 728	3 869	0,5 %	460 776	2 525	0,6 %	0,1 %
Totalt	**946 562**	**4 939**	**0,5 %**	**598 377**	**3 249**	**0,5 %**	

Tabell 16. Billettkontrollar på rutebussar i Hordaland i 2012.

Prisutvikling i Hordaland i perioden 2007-2012. Alle prisar gjeld minstetakst dersom ikkje anne er opplyst. Oversikt over ulike typar billettar:

Hordaland	2007	2008	2009	2010	2011	2012	Pris per enkelt-reise/ 40 reiser	Total end-ring frå 2008
Enkeltbillett vaksen, kontakt, om bord	23	23	24	25	25	27	27,0	17 %
Enkeltbillett vaksen, elektronisk				20,8	20,8	20,8	20,8	
12 klipp billett vaksen	230	230	240	250	250	250	20,8	9 %
Månadsbillett vaksen	600	600	620	640	660	660	16,5	10 %
Ungdomsbillett (30 dg) (heile fylke)	330	295	295	300	300	300	7,5	2 %
Studentbillett (30 dg)	360	360	375	385	400	400	10,0	11 %
Månadsbillett born/honnør (50% rabatt)	300	300	310	320	330	330	8,3	10 %
Månadsbillett vaksen per 40 reiser	15	15	15,5	16	16,5	16,5	16,5	10 %

Tabell 17.

Samanlikning av prisar på enkeltbillett og månadskort i ulike byar (1-2 soner):

Samanlikning av prisar på enkeltbillett og månadskort i ulike byar (1-2 soner)				
Produkt	Bergen	Oslo	Trondheim	Stavanger
Enkeltbillett	27	30/50*	30	27
Månadskort	660	620	585	650
Ungdomskort	300	310**	500	300

*Skilnad på kjøp på førehand og om bord. ** Gjeld 1 sone.

Tabell 18.

Intervju gjort med kollektivreisande om bord (MIS) gjev følgjande opplysningar:



Figur 04. «Alt i alt tilfreds med kollektivreisa». MIS om bord intervju 2012. Bergensområdet vs. Hordaland elles.



Figur 05. «Tilfredsheit med punktleg transportmiddel». MIS om bord intervju 2012. Bergensområdet vs. Hordaland elles.



Figur 06. «Tilfredsheit med sjåfør sin service». MIS om bord-intervju 2012. Bergensområdet vs. Hordaland elles. Berre dei som har vore i kontakt med sjåfør er spurt.



Figur 07. «Tilfredsheit med sjåfør sin kunnskap om linja og overgangspunkt». MIS om bord-intervju 2012. Bergensområdet vs. Hordaland elles. Berre dei som har vore i kontakt med sjåfør er spurt.

Skyss kundesenter:



Kanal	Gjennomsnitt trafikk pr. dag 2012											
	jan.12	feb.12	mar.12	apr.12	mai.12	jun.12	jul.12	aug.12	sep.12	okt.12	nov.12	des.12
Skyss.no	14 231	14 082	13 394	14 069	15 090	15 672	12 676	18 255	17 749	17 185	16 645	16 391
Reiseplanleggar	15 619	16 774	15 857	16 843	18 274	20 265	16 421	23 761	25 517	24 406	25 025	23 474
177 tast 1	585	562	482	533	549	594	551	607	500	486	730	513

Skyss.no: Verdiar = antal besøk («ikkje unike besøkande»). Reiseplanleggar: Verdiar = antal søk. Rutetelefon 177: Verdiar = antal tilbodne telefonførespurnad tasteval 1.

Tabell 19.

Biltrafikk i Bergen

Totaltrafikken for alle bomstasjonane i Bergen, totalt 13 stasjonar. ÅDT 2010-2012.

Bomstasjon	2010	2011	2012	Endring 11 - 12	Endring 11 - 12, i %
Kalfarbakken	3732	3524	3538	14	0,40 %
Gamle Nygårdsbro (Florida)	2508	3058	3160	102	3,34 %
Gravdal	18 489	18856	19368	512	2,72 %
Løvstakkstunnelen (Fyllingen)	8246	8364	8203	-161	-1,92 %
Sandviken	27 008	27 279	27 378	99	0,36 %
Gyldenpris	4256	4258	4303	45	1,06 %
Nye Nygårdsbrua	26 955	26 925	27 573	648	2,41 %
Michael Krohngt.	8824	9215	9128	-87	-0,94 %
Fjøsanger	20 837	21 526	22 365	839	3,90 %
Ringveg vest Dolvik/Straumebro*	10 350	11 215	11 735	520	4,64 %
Damsgårdsveien(Kommunal veg)	874	1087	775	-312	-28,70 %
Nattland	5492	5466	5439	-27	-0,49 %
Storetveit	4028	3805	3805	0	0,00 %
ÅDT alle bomstasjonane	**141 599**	**144 578**	**146 770**	**2192**	**1,52 %**

* Trafikken på Ringveg vest Dolvik og Straume bru er slått saman i teljinga. Ringveg vest opna hausten 2010. SVV har for 2010 teljingar berre for september og oktober. 2010 talet er estimert ut frå Bru- og tunnelselskapet sine tal på bompengepasseringar dei fire siste månadane i 2010. Det er her føresett at trafikktala dei siste 4 månadane i 2010 ville utgjort ein like stor andel av trafikken i 2010 som trafikktala for dei siste 4 månadane av 2011 utgjer av trafikktala for heile 2011.

Tabell 20.

Sentrumstretta trafikk per teljestasjon i Bergen. ÅDT 2010-2012.

Sentrumretta trafikk per teljestasjon	2010	2011	2012	Endring i 11 - 12	Endring 11 - 12, i %
Gamle Nygårdsbro, mot sentrum	2508	3058	3160	102	3,34 %
Sydnestunnellen, mot sentrum	1449	1564	1638	74	4,73 %
Nygårdstunnelen mot sentrum	6037	6137	6045	-92	-1,50 %
Fløyfjellet mot sentrum	2605	2626	2522	-104	-3,96 %
Sandviksveien, mot sentrum	8050	8003	7940	-63	-0,79 %
Kalfarbakken, mot sentrum	3732	3524	3538	14	0,40 %
Nøstegaten, mot sentrum	7454	7022	7380	358	5,10 %
Danmarksplass mot sentrum	9546	8938	8852	-86	-0,96 %
Sum sentrumsretta trafikk	**41381**	**40872**	**41075**	**203**	**0,50 %**

Den sentrumsretta trafikken har auka med 203 frå 2011-2012 (0,5%).

Tabell 21.

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregåande opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur.

Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.

HORDALAND
FYLKESKOMMUNE

Samferdselsavdelinga
Agnes Mowinckels gate 5
Postboks 7900
5020 Bergen

Telefon: 55 23 93 63
e-post: samferdsel@hfk.no

www.hordaland.no

Februar 2013. Samferdselsavdelinga.
Forsidefoto: Spegling på bussen